



**K O M M U N E P L A N** 2005-2008  
VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

**K O M M U N E P L A N**

**2005-2008**

**Vik kommune**



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

1. INNLEIING .....	4
2. LANGSIKTIG DEL - MÅL OG STRATEGIAR FOR 12 ÅRS PERIODEN .....	9
3. DEMOGRAFISKE ENDRINGAR I VIK I PERIODEN 1992-2003.....	11
4. SEKTORPLAN FOR HELSE- OG SOSIAL.....	17
5. SEKTORPLAN FOR IMMIGRASJON, FLYKTNING, KULTUR OG UNGDOM.....	29
6. SEKTORPLAN FOR OPPVEKST.....	45
7. SEKTORPLAN NÆRING. ....	49
8. KOMMUNALTEKNISK SEKTORPLAN.....	58
9. AREALDELEN TIL KOMMUNEPLANEN .....	60
10. PLAN FOR ETABLERING AV KRISELEIING I KOMMUNEN.....	68
11. HANDLINGSPLAN 2005-2008 .....	77



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## **1. Innleiing**

Alle kommunar skal utarbeide ein kommuneplan der kommunen sine langsiktige mål og arbeidsstrategiar skal prioriterast. Planen skal gjelde både for kommunen som samfunn og som organisasjon. Den framtidige arealbruken skal avklarast i arealdelen og økonomiplan vert erstatta med ein handlingsplan og konkretisert i eit handlingsprogram.

Plikt til å gjennomføre- og rullere ein samla kommuneplan er nedfelt i Kommunelova og Plan- og bygningslova.

### **1.1. Plansystem og planprosess**

Kommuneplanarbeidet vart starta opp i sak 4/98 i kommuneplannemnda den 18.8.98.

Arealdelen, sektorplanar og eit første utkast til handlingsprogram vert utlagt på høyring i perioden september - oktober 2004. Arbeidet med konkretisering av handlingsplanen vart starta opp sommaren 2004 og har fått størst fokus i slutfasen.

Planperioden er 12 år, 2005 - 2016. 1. hovudrullering er i 2007 og 1. årsrullering av handlingsprogrammet er i 2005.

### **1.2. Overordna rammevilkår og planføresetnader**

Overordna nasjonale mål for samfunnsutviklinga og ressurstilgang til offentleg sektor vil vera sentralt i utviklinga av kommunen framover . Både nasjonalt og internasjonalt er det eit stort press på offentleg sektor si rolle i samfunnsutviklinga.

Sentrale stikkord er ; kva er offentlege oppgåver, korleis skal forvaltning og tenestetilbod organiserast (privatisering m.v.).

Offentleg sektor si rolle for å jamna ut svingingar i økonomien og storleik på offentleg sektor sin del av BNP er òg under debatt og politisk press.

#### **1.2.1 Overordna styringsdokument**

Retningsliner for kommunal planlegging og verksemd er bygd på kommunelova , plan - og bygningslova, nasjonale mål frå ulike dokument og intensjonar frå fylkesplanen.

#### **1.2.2 Langtidsprogrammet**

Langtidsprogrammet frå regjering/Storting peikar på 3 hovudutfordringar som og er viktige for kommuneplanlegginga. Det er velferdsperspektivet (arbeid som grunnlag for velferd), det økologiske perspektivet (utvikling innanfor rammer som naturgrunnlaget set) og generasjonsperspektivet (sikring av velferd for framtidige generasjonar).

Vidare vert det gjeve nasjonale mål gjennom stortingsmeldingar, rundskriv og rikspolitiske retningsliner m.v. Viktige stortingsmeldingar gjev føringar på arealpolitikk, miljøvernpolitikk (LA-21), distrikts- /regionalpolitikk og levekårs- /tenestepolitikk.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 1.2.3 Fylkesplan 2005-2008

Fylkesplan 1997-2000 hadde hovudmålsettinga “Livskvalitet i Sogn og Fjordane.” I arbeidet med fylkesplanen for åra 2005 – 2008 vert det lagt opp til ein reduksjon frå dagens 14 program til 6 satsingsområde i den nye ”regionale strategien”.

Desse er:

1. Industri
2. Småskalafylket
3. Sjøretta aktivitetar
4. Tenesteyting
5. Folkehelse
6. Folkestyre og medverknad. Offentleg verksemd.

Fylkesplanen er retningsgjevande for kommunal planlegging. Planen legg føringar på kommunal verksemd på viktige politikkområde; førebygging, miljøvern, nærmiljøpolitikk og utforming av det fysiske miljøet.

På desse områda vert det peika på kommunane si sentrale rolle for realisering av hovudmålsetjinga. Fylkeskommunen disponerar og fordelar på fleire av desse områda også ressursar til gjennomføring av tiltak.

Planen har eit omfattande handlingsprogram som på ulike område involverar kommunane når det gjeld oppfølging og gjennomføring.

Nasjonale og fylkespolitiske mål for samfunnsutviklinga skal formidlast og tilpassast lokale tilhøve gjennom kommuneplanen.

## 1.2.4 Statlege rammevilkår for kommunal sektor

Funksjonsdelinga mellom nivåa når det gjeld tenesteproduksjon vil i utgangspunktet byggje på at kommunane skal utføre oppgåver som særleg vedkjem den einskilde kommune og innbyggjarane. Utviklinga er at kommunane får nye oppgåver og dermed vert og ansvarsdelinga endra. Det er sannsynleg at denne utviklinga vil halde fram.

Det er ved fleire høve peika på at kommune- og fylkesinndelinga treng endringar. I dag er likevel konklusjonen gjennom Stortinget si handsaming av St. meld. nr. 32 “Kommune og fylkesinndeling” at inndeling og oppgåver i hovudsak skal vidareførast som no.

Denne konklusjonen inneber at det interkommunalt samarbeid er eit aktuelt utviklingsområde. Bättre kommunikasjonar, kortare reisetider og IKT- utviklinga gir større høve til samarbeid og samordning.

Gjennom inntektssystemet styrer staten inntektsrammene for kommunane. Inntektssystemet er i stadig endring.

Kommunesektoren møter auka effektivitetskrav. Frå regjeringa er auka produktivitet i offentlig forvaltning og fornying av offentlig sektor klare målsetjingar.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 1.2.5 Beredskap, risiko og sårbarheit

Kartlegging av risiko og sårbarhet er eit verkemiddel for å redusera omfang og skader av uønska hendingar som uhell,ulukker, driftsstans og katastrofer. Utgangspunktet for kommunale risiko- og sårbarhetsanalyser ligg i Stortingsmelding nr 24 (1992-93) "Den fremtidige sivile beredskap" og Stortingsmelding nr 48 (1993-94) "Langtidsplan for den sivile beredskap 1995-98". Det heiter her m.a at:

"En reduksjon av samfunnets sårbarhet er et sentralt virkemiddel for beredskapsapparatet i arbeidet med å gjøre samfunnet mer robust, herunder å redusere omfang og skader av uønskede hendelser, både i krig og fred."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si beredskapsavdeling er ein viktig aktør og pådrivar i beredskapsarbeidet.

Med risiko- og sårbarhetsanalyse forstår ein ei kartlegging av kva hendingar det er aktuelt å forebygga eller planlegga mot, og ei kopling av sårbarhet mot risiko.

Analysa skal skildra mogelege årsaker til slike hendingar, vurdere sannsynet for at slike hendingar kan inntreffa, vurdere konsekvensar av hendingar og gje framlegg til mottiltak. Risiko- og sårbarhetsanalyse er ikkje ein lovpålagd aktivitet, men eit grunnlag for å integrera beredskapsomsyn i kommunen si ordinære (lovpålagde) planlegging, samstundes som målet er å gje eit grunnlag for betre beredskaps- og kriseplanlegging.

Kommuneleiinga har ansvaret for å følgja opp eit eventuelt politisk vedtak, td gjennom ordinær planlegging, internkontroll og/eller avgjersle, eventuelt ved å dokumentera behov overfor andre med ansvar (kraftforsyning, televerk ol).

Risiko- og sårbarhetsanalyser er ein kontinuerleg prosess. Ajourhald er eit forebyggande tiltak m.a. å sikra kommunen si evne til raskt å omstilla seg ved uønska hendingar.

*Risiko:* Funksjonen av *sannsynlegheita* (frekvensen) for uønska hendingar og *konsekvensane* av desse. Ein opererer med følgjande graderingar av risiko:

1. Uakseptabel risiko: For slike hendingar må det settast i verk forebyggande tiltak eller beredskapen må aukast. Dette gjeld t.d. tilfelle der ei svært sannsynleg hending vil få katastrofale konsekvensar.
2. Akseptabel, men høg risiko: Tilhøvet mellom nytte og kostnad må her avgjera korvidt kommunen bør satsa på nye tiltak. Eit døme vil vera tilfelle der ei sannsynleg hending vil medføra kritiske/farlege hendingar.
3. Akseptabel risiko: Det vil her utfrå eit sårbarhetssynspunkt ikkje vera naudsynt å satsa ytterlegare på desse områda. Dette vil t.d. vera mindre sannsynlege hendingar som vil vera ufarlege eller medføra ein viss fare.

*Sårbarheit:* Uttrykk for lokalsamfunnet si evne til å fungera og oppnå sine mål under utføresette hendingar.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

*Årsaksreducerande tiltak:* Mottiltak kan delast opp i forebyggande tiltak og skadeavgrensande/avbøtande tiltak. Årsaksreducerande tiltak er eit forebyggande tiltak som alt eksisterer, td internkontroll og/eller etablerte vedlikehalds- og kontrollrutinar.

*Konsekvensreducerande tiltak:* Skadeavgrensande tiltak, td eksisterende beredskap i brannvesen og HV.

*Sannsyn:* Kor hyppig ei hending kan forventast å inntreffa. I analysene er det nytta slik gradering:

*Konsekvens og konsekvensgradering:*

Omgrep	Frekvens
Lite sannsynleg	Mindre enn ein gong kvart 50. år
Mindre sannsynleg	Mellom ein gong kvart 10. år og ein gong kvart 50. år
Sannsynleg	Mellom ein gong kvart år og ein gong kvart 10. år
Svært sannsynleg	Meir enn ein gong kvart år

Med konsekvens forstås ein mogeleg verknad av ei hending. For gradering av konsekvensar er det utifrå forventa skadeomfang lagt til grunn følgjande mal vedr. samfunnsviktige funksjonar (td el-forsyning og transportnett):

Omgrep	Konsekvensar for samfunnsviktige funksjonar
Ufarleg	Systemet vert sett mellombels ut av drift. Ingen direkte skader, berre mindre forseinkingar. Ikkje behov for reservesystem.
Ein viss fare	Systemet vert sett mellombels ut av drift. Kan føre til skader dersom det ikkje finst reservesystem/alternativ.
Kritisk	Driftsstans i fleire døger.
Farleg	System vert sett ut av drift over lengre tid. Andre avhengige system vert råka mellombels.
Katastrofalt	Hovudsystem og avhengige system vert sett permanent ut av drift

Områda som av kommunene i gjeldande ROS-analyse er vurdert å bli klassifisert med akseptabel men høg risiko er knytt til fare for naturkatastrofar; ras, uver, vind og turke. Kommunen skal ivareta desse risiki ved kommunen sin arealbrukspolitikk og ved kontinuerleg sikring av ein à jourførd og innøvd plan for kriseleiing.




# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 1.3 Folketalsutviklinga

Folketalet i Vik var etter siste kommuneregulering om lag 3100 personar. Frå 1992 og fram til om lag i 1996 hadde vi ein folketalreduksjon på om lag 5 personar i året ( 2‰). Denne trenden vart broten i løpet av 1996, slik at vi frå 2.kvartal 97 til same tid i 98 hadde ein nedgang på ca 1%. Frå 3.kvartal 1997 til 3.kvartal 1998 opplevde vi ein dramatisk reduksjon. Folketalreduksjonen dette året endra seg til no å nærma seg 2,5 %.

På denne tida opplevde Vik ein folketalstilbakegang på om lag det doble av nabokommunane. I inneverande planperiode som går ut dette året (2004) har folketalstabilisering vore hovudsatsningsområde i kommuneplanen.



Figur 1 figuren viser SSB sine prognosar frå 1996, utviklinga frå 95 og til no og målsetjinga vedteken for planperioden. i tillegg er det lagt inn trendberekningar både på SSB sine tal og den reelle utviklinga.

Sjølv med den vedtekte målsetjinga om å stabilisera utviklinga viser realitetane noko anna. Det verkar som om tilbakeslaget rundt årtusenskiftet har bite seg fast og me opplevde i planperioden ein tilbakegang på om lag 2,3% eller i snitt om lag 6 promille i året. Utan drastiske tiltak vil Vik kommune i løpet av komande planperiode få redusert folketalet til under 2800.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 2. Langsiktig del - mål og strategiar for 12 års perioden

Med ovanstående som utgangspunkt har Vik kommune prioritert hovudmål og satsingsområde som no fylgjer.

Mål og strategiar skal vera førande for målsetjingar i vidare planarbeid, for prioriteringar i handlingsplan og budsjett og for igangsetjing av tiltak.

Status for oppfølginga av kommuneplanen skal rapporterast i årsmeldinga.

Mål og strategiar **skal** reviderast/rullerast ein gong i kvar valperiode.

Vik kommune har valt ut 6 tema som det er utarbeida mål og strategiar for i kommuneplanen.

Desse er:

oppvekst

helse og sosial

næring

kultur/fritid

teknisk service/infrastruktur

I tillegg skal ein fortløpande vurdere kommunen som organisasjon og tilpassa den til behov og økonomi.

### 2.1 Hovudmål

Kommuneplanarbeidet i Vik skal forankrast i naturgjevne og menneskeskapte ressursar.

Planprosessane skal tilretteleggja for ei utvikling som sikrar gode levekår og livskvalitetar for noverande og komande generasjonar

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna vertøy for heilskapstenking og samordning

Kommuneplanen skal fokusera på dei viktigaste utviklingstrekkane og utfordringane for kommunen

Kommuneplanprosessen skal vera ein open, demokratisk prosess der ålmenta får innsyn, får grunnlag for forståing og høve til medverknad i høve kommunale prioriteringar og ressursbruk

### 2.2 Retningsliner for busetnad og miljø

#### 2.2.1 Utbyggingsmønster

Kommuneplanprosessane skal sikra busetnad og folketal i kommunen.

Vik skal utviklast som senter på sørsida av Sognefjorden

#### 2.2.2 Miljø

Kommuneplanprosessane skal på alle nivå sikra ei berekraftig utvikling av kommunen

I alle plandokument skal det gjennomførast miljørelaterte vurderingar i høve planlagde og eksisterande tiltak



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## **2.3 Retningslinjer for sektorane**

### **2.3.1 Helse og sosial**

Sektoren skal bidra til å skapa tryggleik for innbyggjarane, fremja helse og trivsel og yta behandling, hjelp og støtte etter behov.

Innbyggjarane skal sikrast tenester av god kvalitet. Tenestene skal dekkja individuelle behov på ein forsvarleg måte. Alle som ynskjer det, skal få høve til å bu heime så lenge som ein kan gje eit forsvarleg tilbod der.

### **2.3.2 Oppvekst**

Sikring av gode og trygge oppvekstvilkår

Born og unge skal aktiviserast i høve demokratisk medverknad

Det skal tilretteleggjast for oppvekst og opplæring med god forankring i lokalmiljøet

### **2.3.3 Teknisk**

Det skal tilretteleggjast for trygge og funksjonelle kommunale tenester

### **2.3.4 Kultur**

Det skal tilretteleggjast for eit trivselskapande, levande og mangesidig kulturtilbod i kommunen

### **2.3.5 Næring**

I eit nært samarbeid med næringane skal det tilretteleggjast for å vidareutvikla eit robust og berekraftig næringsliv



# K O M M U N E P L A N 2005-2008


VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 3. Demografiske endringar i Vik i perioden 1992-2003

Generelt

Som i distriktsnoreg og i Sogn og Fjordane fylke elles har folketalet i heile kommunen vist ein jamn tilbakegang langt tilbake på 80-talet. Då kommunen vart utvida med Feios og Fresvik i 1992 steig folketalet frå vel 2500 til i underkant av 3100. Frå den hendinga og fram til i dag har reduksjonen vore om lag 6% for heile kommunen og utgjer i underkant av 200 personar totalt.

Jmf. Fig.1



Figur 2 Figuren viser folketalsutviklinga i heile Vik kommune i perioden frå 1987 fram til og med 2003. Fram til 1997 greidde ein å halda ei relativ stabil utvikling med ein reduksjon under 1%. Frå 1997 har folketalsreduksjonen tiltekem men visar tegn til stabilisering.

### 3.1 Geografisk fordeling av befolkninga.


Som grunnlag for politiske diskusjonar om kommunal ressursforvaltning er det viktig å vera klar over kvar folk bur, kva trendar som er aktuell i høve bupreferansar og på den andre sida kva slike trendar kan gi som konsekvensar for einskildområde.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der innbyggjarane trivst.*

Situasjonen ved inngangen av perioden var ei fordeling av befolkninga slik fig 2 viser. 62% (1891 personar) av befolkninga heldt til i Vik (Flatbygdi, Bøadalen, Seljadalen og Ovriddalen), Fjorden, Feios og Fresvik var jamstore og stod kvar for 9% av totalbefolkninga. 11 prosent budde i 1992 på Vangsnes. Jmf. Fig 2.



Figur 3 Prosentvis fordeling av befolkninga i Vik kommune i 1992.

Situasjonen i 2003 visar tydelege trendar i retning av at tyndepunktet befolkningsmessig er i ferd med leggja seg meir og meir i sentrum av kommunen.


Av ei totalbefolkning i dag på ca 2900 bur om lag 1880 personar i Vik. Med andre ord om lag det same talet som i 1992. Med ein total reduksjon i tal personar i kommunen inneber dette at det må ha skjedd større og til dels dramatiske endringar i andre deler av kommunen. Fig 3 gjev indikasjonar om kva som har skjedd.



# KOMMUNEPLAN 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der innbyggjarane trivst.*

Prosentvis fordelinga av folketalet 2003



Figur 4 Sett i samanheng med fig 2 viser figuren ei tyngdeflytting av befolkninga mot Vik hovudsokn. Vidare viser den òg at Feios har ein mindre del, medan Fresvik og Vangsnes prosentvis har halde stand.

### 3.2 Lokale variasjonar

Som ein har hatt mistankar om er ein i ferd med å få stadfesta store ulikskapar innan kommunen.


Det viser seg at folketalsvariasjonane i Vik hovudsokn er relativt små samanlikna med bygdane elles i kommunen.

Desse små variasjonane kombinert med folketalsendring totalt i kommunen indikerar større endringar andre stader.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.



Figur 5 Faktisk folketalsreduksjon i kvar bygd oppgitt i personar (stolpane) og i prosent i høve folketal i 1992 (grafen).

Vestlegaste delene av kommunen har opplevd ein dramtisk folketalsreduksjon. Nedgangen i dei andre bygdene aust for hovudsoknet er òg store medan hovudsoknet har halde stand relativt stabilt.

Figur 9 viser meir direkte kor stor tilbakegangen i personar har vore i dei ulike bygdene og kor stor prosent befolkninga i 1992 er redusert med i kvar bygd.

Ovanstående syner at kommunen har ekstremt store utfordringar dersom ein skal forsøkja å oppfylla hovudmålsetjinga om å halda oppe folketalet i **heile** kommunen. På den andre sida viser dei faktiske opplysingane ovanfor at deler av kommunen på tross av store utfordringar i perioden me har bak oss har vist seg relativt robuste.


Fig 6 viser oppsummert i prosentar kor stor del av folketalsreduksjonen dei einskilde bygdelaga er ”ansvarlege” for.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

Folketalsreduksjon i kommunen fordelt i prosent på dei einkilde bygdene



Figur 6 Prosentvis fordeling av folketalsreduksjon på bygdene.

## Kva har resultatet av desse endringane vorte?

Endringane som er omtala ovanfor er svært ulikt fordelte m.o.p. kvar folketalreduksjonane faktisk har skjedd. Endringar av folketalet veit ein likevel kan skje på fleire måtar. Flytting, død og fødsel er hovudfaktorane som til saman utgjer ei endring. Eit område med t.d. høge dødstal og låge fødseltal vil over tid få ei aldrande befolkning med lita rekrutteringsevne. Delvis skuldast dette eit mindre folketal, men me har òg grupper som er større. Dette gjeld positivt nok gruppaa i grunnskulealder, men gjeld og befolkninga fødd mellom 1958 og 1943.

Vik kommune er i ferd med å få ei tyngde-forflytting av befolkninga mot aldersgruppa fødd i perioden mellom 1943 og 1958. M.a.o. den delen av befolkninga som er i tidleg retrettfase, og i alle høve lite reproduktiv. Samstundes ser ein at alle aldersgrupper i normal etablerings- og "familiealder" er prosentvis gått tilbake.

Ein ser at aldersgruppa 46-60 er aukande, men òg at me har eit stor overskot av menn (eller manglar kvinner) i reproduktiv alder.

Positivt er det at me har ein vesentleg større del av befolkninga plassert i gruppa kvinner mellom 7-16 år. Ei befolkningsgruppe ein bør merka seg spesielt!



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

### 3.3 Ulik aldersfordeling i bygdene

Som fylgje av den dramatiske folketalstilbakegangen er det ikkje uventa at ingen aldersgrupper er større i dag enn den var i 1992. Einaste aldersgruppa ein registrerar stabilitet i er kvinner mellom 7-16 år. Den er like stor i dag som for 11 år sidan. I reproduktiv alder er det overskot av menn.

2003 samanlikna med 1992 viser reduksjon i alle aldersgrupper sett bort frå jenter i grunnskulealder og for begge kjønn ein vesentleg auke av personar mellom 46-60 år. Generelt har befolkninga "eldast" og ein ser ei jamn utvikling og til dels auke i gruppene over pensjonsalder.

Særleg når det gjeld kvinner registrerer ein det same på Vangsnes som i Vik. Gruppa mellom 46-60 år er veksande. Ein ser òg for begge kjønn eit solid rekrutteringsgrunnlag til denne gruppa i.o.m. at gruppa mellom 35-45 år òg har auka sidan 1992. I dei lågare aldersgruppene er det eit rimeleg godt grunnlag, og relativt god balanse mellom kjønna.

Feios representerer kanskje dei mest spennade endringane i kommunen. Ein registrerar vekst i befolkninga på fleire område som gjev grunn til optimisme. Feios har i dag den yngste befolkninga i kommunen og viser tydelege teikn på å vera langt frå ei ny eldrebølgje.

Samanlikna med Feios har Fresvik ei eldre befolkning, og slit av den grunn med rekruttering i den yngste aldersgruppa. Som med store deler av kommunen elles har òg Fresvik ei opphoping i gruppa mellom 46-60år. Særleg i gruppa 26-35 år er det kvinneunderskot.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 4. Sektorplan for helse- og sosial.


### 4.0 Generelle opplysingar HSO

#### 4.0.1 Overordna mål for helse- og sosialsektoren:

Sektoren skal bidra til å skapa tryggleik for innbyggjarane, fremja helse og trivsel og yta behandling, hjelp og støtte etter behov.

Innbyggjarane skal sikrast tenester av god kvalitet. Tenestene skal dekke individuelle behov på ein forsvarleg måte. Alle som ynskjer det, skal få høve til å bu heime så lenge som ein kan gje eit forsvarleg tilbod der.

#### 4.0.2 Organisasjonskart.



Organisasjonskartet er gjeldande pr. 1.1.2005. Pleie- og omsorgsdelen av sektoren (VBS, PU-tenesta, FBH (Fresvik Bygdaheim), OO (open omsorg) og rehabiliteringsavdelinga) er inne i eit evalueringsprosjekt. Når dette prosjektet er avslutta og div. tiltak er vedtekte, er det grunn til å forventa at organisasjonskartet blir endra.

For meir utfyllande opplysningar om aktiviteten i dei ulike avdelingane viser ein til faktadelen nedanfor.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## **4.0.5. Lokale, ikkje lovpålagde tenester**

Dette er funksjonar/tenester som ein lokalt har oppretta utan at aktiviteten kan seiast å vera lovpålagd. Funksjonane har likevel ei viktig rolle ved at dei støttar opp om andre tenester som er definerte som lovpålagde. Aktuelle tenester fastsette lokalt:

Velferdssenteret  
Aldersheim



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 4.1 Målformuleringar.

Gjennom arbeidet med kvalitetssystem for helse- og sosialsektoren er det utarbeidd fylgjande delmål for tenesteproduksjonen i helse- og sosialsektoren:

Sektoren skal bidra til å fremja folkehelse, trivsel, kjensle av tryggleik og gode sosiale og miljømessige forhold. Det skal arbeidast for å førebyggja og behandla sjukdom, skade eller lyte. Sektoren skal spreia opplysning om og auka interessa for kva den einskilde og ålmenta kan gjera for å fremja sin eigen trivsel og livsstandard.

Sektoren skal også bidra til å fremja økonomisk og sosial tryggleik, forbetra levevilkåra for vanskelegstilte, auka likeverd og likestilling og freista førebyggja sosial problem. Vidare skal ein bidra til at den einskilde kan bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meningsfylt tilvere i fellesskap med andre utan omsyn til funksjonshemming.

Sektoren skal bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår og at det blir gjeve nødvendig hjelp og omsorg til dei som lever under tilhøve som kan skada helsa deira.

Ressursane, både dei menneskelege og økonomiske, skal nyttast på ein god og effektiv måte og innrettast slik at tenestene blir rettferdig fordelt. Det er også eit overordna mål at innbyggjarane så lenge ein finn det forsvarleg kan bli buande i sin eigen heim.

Det skal arbeidast målmedvite for å auka kvaliteten i tenesta. Innanfor tilgjengelege ressursar skal forbetringsarbeidet skje på ein måte som gjev reell medverknad frå innbyggjarane og dei tilsette og som sikrar at tenesta blir driven i samsvar med nasjonale føringar og lokale behov. Sakshandsaminga skal føregå på ein måte som sikrar innbyggjarane rettane dei har etter gjeldande lover og forskrifter.

Dei ulike deltenestene innanfor sektoren skal utformast slik at innbyggjarane opplever samordning og kontinuitet.

Dei tilsette skal til ei kvar tid ha den kunnskap og erfaring som er nødvendig innanfor det fagfeltet der dei har sitt virke. Det skal systematisk arbeidast for eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø.

Internkontrollsystema skal til ei kvar tid dokumentera at kvaliteten og aktiviteten i tenesta er i samsvar med aktuelle myndigheitskrav.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 4.2 Analyse og plan

### 4.2.1 Analysedel for sosialavdelinga

Lokalisering er fastlagt til Kommunehus I for dei næraste åra. Tenestebase i 2. etg (utan heis) er ikkje ideelt når tenestene i slik grad er retta mot m.a. funksjonshemma. I ein viss grad kan vanskane kompenseras ved å møte slike brukarar på møterom i 1. etg.

Evt. samlokalisering med helsetenestene synest mindre realistisk dei næraste åra.

Generelt for avdelinga:

Ressurstilgang:

Dersom budsjetttrammene blir om lag som dei seinare åra (eller strammare), krev det streng økonomisk styring i høve til drift og tenester. Utgiftene til personretta tiltak er vanskelege å fastslå sikkert på førehand. Lovpålagde oppgåver må gjerast når behova melder seg.

Tenestnivå kan likevel vere noko skjønnsmessig.

Det blir ytt lite tenester som ikkje er lovpålagde.

Statlege standardar blir gitt gjennom lover/forskrifter/direktiv, klagesaker, tilsyn, faglege/etiske-standardar. I ein viss grad blir nivået avgjort lokalt, etter konkret skjøn.

Tal årsverk er truleg på "realistisk nivå" og må i det minste oppretthaldast. Godt arbeidsmiljø er avgjerande for å dempa slitasje i eit spesielt krevjande arbeidsfelt.

Formell utdanningskompetanse hjå dei tilsette må haldast ved like gjennom kurs.

Må oppdaterast og gjerast oversiktleg/tilgjengeleg også for publikum. Regelverket er noko uoversiktleg i "ytterkantane" av tenesteområdet.

Tverrfagleg samarbeid:

Nokre samarbeidsstrukturar er etablerte: PS-gruppe, Basisgruppe, barnevernteam (samarbeid med BUP/Sogndal og reiserute til skular/barnehagar), rehabiliteringsteam, ansvarsgrupper rundt einskilde tenestebukarar, gjeldsrådgivingsnemnd. Det tverrfaglege arbeidet er viktig å utvikla for å gi koordinerte tenester. Dette har samanheng med retten til å få utarbeidd individuell plan for tenesteytinga.

Rettleiing:

Er etablert for barnevernfeltet (ved BUP/Sogndal).

Det er eit behov for å etablere slik teneste også på sosialområdet. Tenesta kan etablerast interkommunalt.

Utoverretta verksemd – førebyggjande arbeid:

Det bør vere innspareingspotensiale i informasjonstiltak retta mot publikum. Gode, målretta førebyggjande tiltak, i regi av sosialtenesta og barneverntenesta, og i samarbeid med andre instansar (i høve til rusproblem, konflikter, gjeldsproblem, barnevernproblem, m.m.) er målet. Erfaringstilbakemelding til politisk nivå må betrast.

Presset under akutte enkeltsaker kan vanskeleggjera prioritering av langsiktig planarbeid og førebyggjande verksemd. Medviten prioritering må reservere noko kapasitet til slikt arbeid.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

Spesielt for sosialtenestene: Sosialhjelprehabilitering/integrering: Målsetjingar:  
Yta løpande tenester i hovudsak etter Lov om sosiale tenester, etter sentrale prinsipp:  
Hjelp til sjølvhjelp, langsiktige perspektiv.  
Passiv sosialhjelp så kort periode som råd.  
Brukarmedverknad, aktivering av tenestebukarane sine egne ressursar.  
Individuelt tilpassa tenester, etter konkrete vurderingar. Statens sosialhjelpssatsar er retningsgivande.

Andre moment:

Arbeidsløysa er låg. Det er relativt få sosialhjelpsmottakarar.  
Flyktningar må normalt reknast å trengja nokre år på å bli integrerte og kvalifiserte for norsk arbeidsliv og bli økonomisk sjølvstendige. Nært samarbeid med flyktningkonsulenten er viktig.  
Brukarmedverknadsprinsippet kan vere vanskeleg når etterspurnad etter tenester minner om "bjørnetenester".  
Rusreforma av 2004 synest å ha gjort prosedyrane for institusjonsbehandling noko meir kronglete.

Bustadar:

Det synest å vera trong for fleire bustadar av differensiert storleik og type disponible for personar med funksjonshemming eller andre spesielle/sosiale behov. Kommunale framleigekontraktar på privat marknad er problematiske. Det må utarbeidast ein bustadplan. Tildelingsprosessen må bli strukturert.

Spesielt for barneverntenestene:

Førebyggjande tiltak (primær- eller sekundærførebyggjande) viser seg spesielt viktig i høve til barn og barnefamiljar. Skeiv utvikling og for seine inngrep fører til store samfunnskostnader.  
Tenesteområdet er fagleg utfordrande. Avgjerder kan vere kontroversielle. Feltet har tidvis stort mediefokus, særleg i saker som inneber tvangsvedtak (spesielt omsorgsovertaking). Det er behov for å samarbeida på tiltakssida over kommunegrensene i ein del saker. Det er også til drøfting nye samarbeidsstrukturar når det gjeld utgreiing av barnevernsaker (t.d. noko spesialiserte, "flytande" personalressursar over kommunegrensene).

Prinsipp for tenestene er m.a.:

Det beste for barnet skal vere hovudsiktemålet.  
Hjelpetiltak basert på samarbeid med barnet/heimen så lenge det er forsvarleg omsorg (eller utsikter til å gjenopprette god nok omsorg).  
Intervenering/tiltak så tidleg som råd, når problem er identifiserte.  
Samarbeid med relevante instansar, for å sikra god rapportering og oppfylgging.  
Grundige saksutgreiingar som grunnlag for eventuelle tvangsinngrep (avgjort av fylkesnemnda), med tverrfaglege konsultasjonar (lokalt og med Statens barnevern) og bidrag frå sakkunnige og advokat.  
Publikum må få relevant og tilstrekkeleg generell informasjon om rettar og plikter som gjeld. Tenestekvaliteten må sikrast gjennom kompetanseutvikling.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 4.2.2 Plan og tiltak for sosialavdelinga

- Å prioritera opp førebyggjande innsats.
- Å yta kvalitative gode tenester etter lovverket, innanfor sosialtenester, barneverntenester og nokre tilgrensande område (råd/retteiing, terapeutisk verksemd, ytingar og tiltak, rehabiliterings- og integreringsassistanse, eller vidarehenvising), innanfor dei økonomiske rammene som kommuneøkonomien set.
- Dette må søkjast oppnådd ved m.a.:
- fagleg oppdatert kompetanse (sosialfagleg grunnutdanning, etterutdanning, kurs)
- gode rutinar (ny rutinehandbok).
- effektiv utnytting av ressursane i personalet (medviten prioritering av oppgåver, m.a. i fagmøte og tverrfagleg samarbeid, mild grad av spesialisering på ulike tenester).
- effektiv utnytting av tiltaksretta midlar, med aktivt siktemål å yta hjelp til sjølvhjelp, med innsats på lågaste effektive nivå.
- Å bidra til godt koordinerte tenester når klient treng tenester frå fleire hald (å oppretthalde og utvikla adekvate tverrfaglege team/arbeidsgrupper).
- Å utvikla samarbeid med frivillige organisasjonar, pårørande og lokalt nettverk elles.
- Å unngå å yta tenester som undergrev sjølvhjelpsevna og eigenomsorga.
- Å bidra til fagleg godt underbygde planar som vedrører tenestefeltet, og oppfylgging av desse (rehabiliteringsplan, edruskapsplan, psykiatriplan, bustadplan, fosterheimsplan m.m.)
- Å samspela godt med lokal arbeidsmarknad, i høve rehabiliterings- og integreringssaker
- Å bidra til utoverretta informasjon om tenester, rettar og plikter (gjennom pressa eller andre media, til spesielle målgrupper, møter m.m.)
- Å gi tilbakemeldingar/erfaringsrapportar til politisk nivå, og evt. aktuelle instansar.
- Å sikre tenestebukarar rettstryggleik på området (gjennom rutinar som ivaretek krav om behandlingstid, innsynsrett, konfidensialitet, klagemogelegheit m.m.)
- Etterverngrupper, rusmisbrukarar

## 4.2.3 Analysedel for pleie og omsorgsavdelingane

Fylgjande fagavdelingar er definert under pleie og omsorg: Vik Bygde- og Sjukeheim, Fresvik Bygdaheim, Open omsorg med heimesjukepleie/heimehjelp og heimetenester til menneske med psykisk utviklingshemming (PU-tenesta). I Vik kommune har desse tenestene i lang tid vore organisert på tradisjonelt vis (sjå faktadel). Hausten 2003 har ein hatt ein gjennomgang av tenestene ved hjelp av ein ekstern konsulent. Me har fått hjelp til å sjå tilbodet vårt i lys av samanliknbare kommunar, statistisk materiale, økonomi, sentrale føringar for tenesta og analyse av eiga verksemd. Dette har vore ein stor og grundig prosess med stor deltaking frå tilsette, tillitsvalde, politikarar og brukarrepresentantar. Fylgjande må nemnast som utfordringar for Vik kommune si pleie og omsorgsteneste i framtida:

Befolkningsamansetjing, busetnad og tilgang på arbeidskraft:

Ein har hatt ei negativ folketalsutvikling i kommunen dei siste åra. Særskilt ser ein i Vik kommune ein nedgang i folketallet for den aldersgruppa som er i reproduktiv alder. Dette vil medføre redusert tilgang på arbeidskraft i åra som kjem. Ein har ei stabil framskriving av



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

folketalet i aldersgruppa 80 år pluss. Det er denne aldersgruppa som er dei største brukarane av pleie og omsorgstenester. Etterspurnaden av tenester må ein forventa blir stabil, medan tilgang på "hjelparar" vert redusert. Ein ser ein prosentvis nedgang i folketalet i grendene Feios og Arnafjord, stabilt på Vangsnes og i Fresvik, medan det er ein liten prosentvis auke i Vik. Det vert større avstand mellom innbyggjarane i grendene. Dette vert merkbar for eldre som er mindre mobile og dermed i større grad kjenner på einsemd og mangel på tryggleik når dei "ikkje ser folk" heile dagen. Etterspurnad etter bustad sentralt i kommunen vil auke. Dei eldre søkjer etter omsorgsbustad/eldrebustad med livsløpsstandard som er sentralt plassert i høve andre tenester i kommunen. Her trengst det *både* kommunalt og privat initiativ for å dekkja behovet i framtida.

## Individuell tilpassa teneste:

Nyare lover og forskrifter peikar på kommunen sitt ansvar for å tilpassa tenester til innbyggjarane etter individet sitt behov for hjelp. Kommunen må i si planleggjing av omsorgstenestene flytta fokus frå fastlagde tilbod til fleksible tilbod som kan tilpassast den einskilde sine ressursar og utfordringar. Individuell plan er eit verktøy som i større grad skal nyttast når det er behov for koordinering av ulike tenestetypar.

Vik kommune har hatt eit sterkt fokus på institusjonstenester med mange sjukeheims- og aldersheimsplassar. Bygningsmassen er relativ ny og ein har så godt som berre einerom. Det er mange brukarar av heimetenestene, men kvar einskild brukar får relativt få timar. I framtida vil det vera fornuftig å vri noko av omsorga frå institusjonsomsorg over på heimebaserte tenester. Då vil ein i større grad kunna gi tenester etter ei individuell vurdering. Heimetenestene må styrkjast og vera tilgjengelege heile døgnet.

Ved institusjonen vil ein konsentrera seg om tilbod som rehabilitering, avlasting, medisinsk etterbehandling, langtidspleie for personar med store funksjonstap og tilbod til personar med demens. Omsorgsbustadene skal i større grad nyttast til personar med stor trong for tryggleik og behov for praktisk hjelp. Heimetenestene yter hjelp til personar i omsorgsbustadane.

## Kvalitet i pleie og omsorgstenesta:

Dei siste åra har det vore sett auka fokus på kvalitetsforbetring også innan pleie og omsorgstenestene. Det er store krav til planmessig og skriftleg arbeid for å tryggja forbettingsprosessane. Dette er ei utfordring som må få meir fokus. Ein opplever ofte tidspress. Planleggjing og dokumentasjon vert lett oppgåver som får lågare prioritet. Det er viktig at pleie og omsorgstenesta sikrar at brukarane sine grunnleggjande behov vert ivaretekne, og at det vert utarbeidd dokumentasjon og ført intern kontroll med at tenesta vert utført på ein forsvarleg måte.

I tillegg til gode system for planleggjing og dokumentasjon av tenesta, er tilgang på kvalifisert personale avgjerande for kvaliteten i tenesta. Kontinuerleg arbeid med rekruttering og utdanning/skulering må prioriterast.

## Samhandling i tenesteapparatet:

Både ut frå økonomiske og kvalitetsmessige omsyn vert det sett søkelys på samhandlinga internt i det kommunale tenesteapparat og mellom 1. og 2. linjetenesta. Målet er eit effektivt tenesteapparat som sikrar innbyggjarane den tenesta dei har krav på. Dette inneber



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

samhandling og koordinering på alle nivå, og er også peika på i nasjonale føresetnader for tenesta. Både spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta arbeider for å styrkja dette samarbeidet.

#### 4.2.4 Plan og tiltak for pleie- og omsorgsavdelingane

- Redusera tal sjuke- og aldersheimsplassar i kommunen.
- Styrkja dei heimebaserte tenestene og gjere dei døgnbaserte.
- Styrkja tilbodet til demente personar i institusjonen.
- Reorganisera institusjonsomsorga til grupper som spesialiserer seg på tilbod innan rehabilitering, demens, langtidspleie og medisinsk etterbehandling.
- Styrkja rehabiliteringstilbodet og i større grad nytta individuell plan som verktøy.
- Vidareutvikla kvalitetsforbetringsverktøyet og system for intern kontroll med tenesta.
- Kontinuerleg arbeid med rekruttering og skulering av fagpersonell.
- Koordinera tenestene i kommunen og auke samhandlinga mellom dei ulike avdelingane.
- Integrera tenester til menneske med utviklingshemming i den øvrige pleie og omsorgstenesta.
- Etablera tilfredsstillande bueiningar for nye brukarar (både utviklingshemma og eldre) som i dag har lite tenlege løysingar eller heilt manglar slike.

#### 4.2.5 Analysedel for rehabiliteringsavdelinga:

Rehabiliteringsavdelinga består no av mange deltenester. Desse har arbeidsoppgåver som naturleg inngår i rehabiliteringsarbeid, men mange av arbeidsoppgåvene kan ikkje definerast som dette.

Rehabiliteringsavdelinga har i den tida ein har vore samorganisert arbeidd seg meir saman.

Ein ser kva mogelegheiter ein har som avdeling, og behovet for visse strukturar og tilstrekkelege personalressursar for å kunne yte nødvendige tenester til brukarane.

Ein vil i nær framtid saman med andre område innan sektoren ta opp att arbeidet med å utarbeide ein rehabiliteringsplan for Vik kommune. Med grunnlag i ein slik plan vil ein arbeida systematisk og målretta med rehabilitering.

Velferdssenteret:

Velferdssenteret fyller ein viktig funksjon som sosial møteplass for heimebuande eldre.

Senteret har funne si form gjennom mange år, og tilbodet synest å treffa brukargruppa godt.

Tilbodet verkar førebyggjande og vedlikehaldande på funksjonen til mange av brukarane, og avlastar heimetenestene.

Tilbodet er ein viktig lekk i rehabiliteringskjeda, og ein har ikkje planar eller ynskje om store endringar i drifta.

Dagavdeling( tidlegare arbeidsstova):

Arbeidsstova vart oppretta som eit dagtilbod i hovudsak retta mot bebuarane på VBS, med nokre heimebuande dagpasientar i periodar. Bebuarane har dei seinare åra vorte meir svaktfungerande, med ein større andel reine pleiepasientar. Færre av desse har utbyte av den tradisjonelle arbeidstova med formingsaktivitetar.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

Dagavdelinga er i endring mot ei meir aktiv deltaking i rehabiliteringsarbeidet, med individuell tilpassa trening og tilrettelagde aktivitetar for pasientane. Aktivitørane kan og arbeide meir fleksibelt med aktivisering av pasientar i institusjon og til heimebuande. Til desse nye arbeidsoppgåvene er ein ergoterapeut ein viktig fagperson, og dette var ergoterapeuten sitt ansvarsområde då ein tidlegare hadde ergoterapeut tilsett i kommunen. I utviklinga av den nye korttidavdelinga ved VBS vil dagavdelinga vera eit viktig tilbod til dei som skal rehabiliterast, og vera med på å gjera tilbakeføring frå institusjon til heimen lettare.

Anna hjelp til eldre:

Dette er ei teneste som etter kvart har fått ein sentral funksjon i arbeidet rundt hjelpemiddelformidling og tilretteleggjing av bustad.

Tenesta har ansvar for lokalt hjelpemiddellager, og å kvalitetssikra dette. Ein har ikkje tilfredsstillande lokale for hjelpemidla, og ein arbeider for å få ei meir tenleg lokalisering. Tenesta samarbeider tett med open omsorg og fysioterapitenesta. Tenesta er effektiv og fleksibel og har funne si form.

Fysioterapitenesta:

Kurativ verksemd.

Det har vore gradvis aukande etterspurnad etter fysioterapi siste åra. Ventetida til behandling er opp mot 3 månader. For mange tilstandar er dette utilfredsstillande lenge.

Lovpålagde oppgåver.

Vert vurderte fortløpande, utanom ventelista for den kurative delen.

Barn 0-16 år: Desse vert prioriterte, og ein prøver å gi nødvendig oppfylgjing.

Institusjon: Tilbodet varierer med behov og kapasitet.

Rehabilitering: Er eit statleg satsingsområde, og i samarbeidet med 2.linjetenesta vert det forventa at kommunane har eit tilfredsstillande tilbod til personar med stort rehabiliteringsbehov. Dette er tidkrevjande saker når dei kjem, og det kan vera vanskeleg å frigjera tid frå den kurative verksemda.

Helsefremjande og førebyggjande arbeid: Fysioterapitenesta vert jamleg spurd om tenester innafor førebyggjande arbeid. Ein har ynskje om å arbeide meir aktivt i dette feltet, men arbeidet er vanskeleg å prioritere når ein har hardt arbeidspress på dei andre delene av tenesta.

Hjelpemiddelformidling:

Hovudansvaret for hjelpemiddel utlånt av folketrygda er lagt til ein av fysioterapeutstillingane. Tidlegare var dette ergoterapeuten sitt ansvar. Det er viktig men tidkrevjande arbeid. Søkjarane på hjelpemiddel opplever tidvis at formidlinga ikkje vert så raskt handsama som då ergoterapeuten hadde dette ansvaret.

Ved omorganiseringa til Rehabiliteringsavdeling vart stillinga som sjefsfysioterapeut omgjort til leiar for den nye tenesta. Ein har med dette fått auka administrative oppgåver, og deltek i ymse planarbeid.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

Leiaren for rehabiliteringsavdelinga er rehabiliterings-koodinator i kommunen. Ein har då overordna ansvar for den samla rehabiliteringstenesta i kommunen., og er pålagt ein del oppgåver i samband med det.

Fysioterapitenesta har fått mange nye arbeids- ansvarsområder. Når ein i tillegg har auka etterspurnad etter fysioterapibehandling, vert det reelle tilbodet redusert i kommunen.

Det vert vanskeleg å prioritera mellom mange nødvendige behov, og det vert fagleg utilfredsstillande. Ein ser eit klart behov for å få auka fysioterapiressursane i kommunen.

Ergoterapeut:

Det vart oppretta stilling for ergoterapeut i kommunen, og ein hadde bemanning i stillinga 2001 til 2002. Tenesta vart godt innarbeidd det året. Då ergoterapeuten slutta, vart stillinga sett vakant. Fysioterapiressursane vart auka med 0,3 årsverk, men ein ser at dette ikkje er ei fullgod løysing. Ein ser eit stort behov for å få ein ergoterapeut inn i rehabiliteringsavdelinga att.

#### **4.2.6 Plan og tiltak for rehabiliteringsavdelinga**

- Utarbeida rehabiliteringsplan.
- Ut frå denne planen arbeida meir systematisk og målretta med rehabilitering. (individuell plan m.m.).
- Få tilsett ergoterapeut.
- Utvikla eit godt fagleg samarbeid med korttidsavdelinga ved VBS.
- Aktiv bruk av aktivitørane.
- Kvalitetssikra den kommunale hjelpemiddelformidlinga, og få eit tenleg lager.

#### **4.2.7 Analysedel for helsestasjon og skulehelsetenesta**

Frå hausten 2002 vart tenesta, med tilskot frå psykiatrimidlane, auka med ei halv helsesøsterstilling. Tenesta fekk då høve til å ta att og arbeide med oppgåver/område som det før ikkje var kapasitet til. Etter kvart har tilbodet blitt betre, særleg innan skulehelsetenesta. Der vil no alle klassetrinn få eit tilbod. Det vil seie 1., 3., 6., 7., 8., og 10. klasse. Desse tilboda kan utviklast vidare, også samarbeidet med lærarane. Frå hausten 2003 har det vorte høve til fast kontortid ved Flatbygdi skule.

Samarbeidet med fysioterapitenesta har alltid vore bra, men er kome inn i meir faste former med undersøking av spedbarn. Eit opplegg med nærare samarbeid om elevar i skulen er under arbeid.

Helsestasjons- og skulelege har hatt eit timetal på 5 for veka. Det viser seg å vere for lite i løpet av året i høve talet på born. Ein auke til 1 heil dag 1 – 2 gonger i månaden er ynskjeleg.

I fylgje forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon- og skulehelseteneste ( Rundskriv I – 4/2003 ) som kom 1. juli 2003, skal også ungdom utan skuletilbod og som ikkje vert ivaretekne av bedriftshelsetenesta, ha eit tilbod frå helsestasjonen. Bortsett frå at helsestasjonen er open for alle, er det ikkje tilbod retta mot dei. Helsestasjon- og skulehelsetenesta har ei viktig oppgåve i å førebyggja fysiske og psykiske plager og lidingar. Intensjonen er å fanga opp tidlegsignal på utviklingsavvik, mistrivsel,



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

omsorgssvikt og overgrep. Det viser seg at psykosomatiske plager er aukande hjå born og unge. Tenesta vert difor styrka gjennom plan for psykisk helse. 20 % av dei øyremarka midlane skal gå til born og unge. Nærare samarbeid med psykiatritenesta er då viktig.

Dei siste åra har det kome asylsøkjarar og flyktningar til kommunen. For dei er det ei vanskeleg omstillingstid. Nytt språk og ny kultur skal lærast. Også for hjelpeapparatet krevst det tid og arbeid for å forstå dei, og å finna ut av evt. problem.

Planarbeid er eit område som har blitt nedprioritert. Plan for tenestene og individuelle planar må utarbeidast.

I fylgje nasjonale mål ( Rundskriv IS – 1/2004 ) og regjeringa sin ” Satsing på barn og ungdom ” ( Samla oversikt for 2004 ) har me desse hovudtema: barn og ungdom si utvikling, behov og aktivitet, ernæringsfremjande arbeid, stimulering til betre tannhelse, til røykfrie arenaer, rusførebyggjing, råd i høve seksualitet/ samliv/ prevensjon, smittevern og førebyggjing av skadar og ulukker. Tenestetilbodet skal vere samordna, heilskapleg og målretta. Skal me kunne fylgje opp dette tilfredsstillande, er det, i alle fall i ein innkøyringsfase, arbeid for meir enn 1,5 stilling.

#### **4.2.8 Plan og tiltak for helsestasjon og skulehelsetenesta**

- utbetra tilboda på dei enkelte alderstrinn for førskule- og skulebarn.
- utvikla eit nærare samarbeid med skule, fysioterapi, barnevern og psykiatritenesta.
- auka timetal for legen.
- utarbeida plan for helsestasjon- og skulehelsetenesta.
- utvikla internkontrollsystem.
- gi eit tilbod til ungdom etter grunnskulen.
- auka bemanninga.

#### **4.2.9 Analysedel for jordmortenesta**

Etter tal gravide i kommunen, synest jordmortenesta å fungera bra med 0,5 stilling.

I fylgje nasjonale mål ( Rundskriv IS – 1/2004 ) vil det i løpet av 2004 føreliggja faglege retningslinjer for svangerskapsomsorga. Ynskjeleg fokus er mindre kontroll og meir informasjon, støtte og rettleiing. Ein felles rettleiar for svangerskapskontrollen i tilknytning til helsestasjon- og skulehelsearbeid er under arbeid. ( Barne- og fam.dept. : Satsing på barn og ungdom 2004 ) Utfordringar dei legg opp til er:

kompetanseheving og tenesteutvikling i samsvar med retningslinjene

endring av innhald i konsultasjonane

kontinuitet i oppfylgjing av gravide

brukarorientert omsorg med informerte avgjerder

#### **4.2.10 Plan og tiltak for jordmortenesta:**

Plan for tenesta når retningslinjer og rettleiar føreligg.

- Auka aktivitet i høve fødselsførebuande kurs.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## **4.2.11 Analysedel for avdeling for psykisk helsevern:**

Psykatriplanen for 2002 – 2005 har fungert etter intensjonen. Desse tiltaka er m.a. gjennomførde med tilskot frå psykiatrimidlane: oppretting av 0,5 helsesøsterstilling, vidareføring av aktivtør i 0,5 stilling innan psykiatrien, medverka til auke innan barnevernet med 0,5 stilling (1/4 stilling frå psykiatrimidlar) og planleggjing av bustader for menneske med psykisk lidning. Arbeid med betring av eksisterande tiltak pågår.

For utviding av tilbodet er det planlagt ei ny heil stilling med høgskuleutdanning. På grunn av lågare tildeling i øyremarka midlar i 2004, må oppretting av stillinga utsetjast.

Det øyremerke tilskotet med psykiatrimidlar er utvida med 2 år, frå 2006 til 2008.

## **4.2.12 Plan og tiltak for avdeling for psykisk helsevern**

- etablera psykiatribustadar
- styrkje tenesta i samsvar med opptrappingsplanen for psykiatriplanen
- undervisning/ opplysning om psykiske lidningar til samarbeidspartnarar og andre aktuelle
- auka innsats på haldningsskapande arbeid
- auka innsats på fagleg rettleiing
- betring av eksisterande tiltak
- auka/oppretta stilling som miljøarbeidar
- utgreia behov for sjølvhjelps-/ støttegrupper
- større og meir tenleg kontor plass
- rulling av psykiatriplanen frå 2005 – 2008

Viser elles til gjeldande plan for avdelinga.

## **4.2.13 Analysedel for legetenesta**

Det er oppretta 3 legestillingar i kommunen med høve til turnuskandidat. For ei fungerande fastlegeordning er det for innbyggjarane sterkt ynskjeleg å få stillingane besett. Ein del innbyggjarar manglar fastlege og det er lang ventetid for vanleg timeavtale. Tidsramma for helsestasjon og skulehelsetenesta er for lita, truleg også for andre tenester.

Kommunen legg vekt på å fylgja opp ansvaret ein har for helsetenesta til Vik Fengsel.

Arbeidsmengda er relativt stor og forsterkar trong for kvalifisert personale.

For vakttenesta er det ynskjeleg med 4 for å få ei forsvarleg vaktbelastning.

Ved auka legetenester kan det også bli trong for å auka hjelpepersonale. Det vil vera nyttig med medhjelpar som kan assistera lege( ta blodtrykkkontroll, sårskift, setja injeksjonar m.m.)

## **4.2.14 Plan og tiltak for legetenesta**

- etablera full legedekning
- etablera fullgode kontor- og venteromsfunksjonar
- auka hjelpepersonell
- styrka helsetenesta for innsette i Vik Fengsel



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 5. Sektorplan for immigrasjon, flyktning, kultur og ungdom.

### 5.0 Generelt om Kulturarbeid, Immigrasjon og flyktningarbeid

#### Hovudmål

*Vik kommune skal ha kulturtilbod som gjev innbyggjarane kjensle av oppleving, glede, trivsel og samhald. Satsingane skal i tillegg spegle kulturprofilen kommunen ynskjer å fremje.*

Sektorplanen er delt i følgjande kategoriar:

Kulturarbeid

Immigrasjon og flyktningarbeid

Hovudargumentet for slik oppdeling er at visjonar, mål og tiltaksplanar for områda må bli særskilde for dei to kategoriane.

Kategorien **Kultur** femner alle typar kulturtiltak som gjev mening til omgrepet ”kultur av alle - for alle”, og bør såleis ha i seg tiltak for vedlikehald av tradisjonelle kulturaktivitet så vel som fremjing av nyskapande.

Hovudkapitlet drøftar kulturtiltak som i samsvar med budsjett 2004 er lagt til avdeling for Næring og Utvikling. Organisering av kulturarbeidet generelt i kommunen vert òg vurdert.

Samlekategorien **Immigrasjon og Flyktningarbeid** vil peike på så vel kortsiktige som langsiktige utfordringar og moglegheiter innan arbeidsområdet – og definere mål og tiltak deretter.

Her er framlegg til visjonar for arbeid innan dei to kategoriane, for å synleggjere samanhengar i tiltakssatsingar slik dei framstår – og slik desse best vil stø opp under kommunen sine nedfelte utfordringar og hovudmål for planperioden.

#### 5.1 Analysedel kultur

I samband ved revisjon av kommuneplan for Vik kommune 2004 – 2009 er det utarbeid notat om demografiske endringar i Vik for perioden 1992 – 2003. Utgreiingane gjev eit godt bilete av tendensar i folketalsutviklinga og dei utfordringane kommunen står ovanfor.

Ikkje ulikt med resten av distriktsnoreg er det tydeleg at sentrumsområda er mest ”robuste”. Vik med flatbygdi og dalane har med andre ord minst prosentvis tilbakegang i folketalet. Likevel er det lokale variasjonar, og talmaterialet viser at største folketalnedgangen er i ”fjorden”, medan Vangnes, Feios og Fresvik har mindre tilbakegangar.

Stabilisering/auke av folketalet i kommunen



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

I val satsingsområder for å nå ovannemnde målsetjing er det viktig å gå vidare i analysar av demografiske fakta, særleg med omsyn til samansetjingar i folketal, fordeling i kjønn og aldersgrupper både når det gjeld status og endringstendensar.

Slike analysar vil og vere grunnleggjande for planlegging av tiltak innan kapitla Immigrasjon- Flyktning- og Kulturarbeid. Satsing innan desse områda kan både på kort og lang sikt påverke oppfylling av kommunen si overordna målsetjing.

For kapitlet **Kulturarbeid** legg vi i så måte til grunn følgjande hypotesar:

**Brei satsing på kulturarbeid er identitetskapande og legg grunnlag for gode miljø i så vel oppvekstfase som i det daglege liv for folk flest.**

Vi meiner at det vere viktig at lokalsamfunnet å gje gode og omfattande kulturelle tilbod til alle. At nytilflytta vil sjå dette som eit positivt element i sitt nye miljø er naturleg. Likeins meiner vi at gode oppvekstmiljø kan vera avgjerande for om ungdom som i utdannings- og familieetableringsfase flyttar frå bygda, kjem attende når høvet byr seg. Minnet om trygge og gode omgjevnader der kultur og aktivitetstilbod er gode, vil gjere det attraktivt for nye generasjonar å satse på Vik som oppvekstmiljø for sine born. Satsingane vil såleis gje vinst både på kort og lang sikt, og kanskje vere med på å halde oppe og auke folketallet i kommunen.

**Utvida satsing på kulturtiltak lokalt kan gje ringverknader ved at kommunenamnet Vik blir knytt til eit utvida og kvalitetsmerka kulturomgrep.**

Vi meiner at det her ligg eit unytta potensiale!

Dersom vidare næringsutvikling for kommunen vert basert på reiseliv- og turisme, vil bygda vere avhengig av å tilby eit lokalmiljø kjenneteikna v kvalitetskultur grunnlagt i både lokale, regionale og nasjonale kulturkrefter. Tiltak for å nå eit slik kjenneteikn vil i sin natur vere langsiktige og må utviklast og iverksetjast som samarbeidstiltak mellom det offentlege og private.

Data om folketalsendringar for kommunen peikar på at samla innbyggjartal er på tilbakegang,- og at dette i størst grad går ut over "utkantane". Det synes og vere tendens til endring i samansetjinga av aldersgrupper, der aldersgruppa 46-60 år er stigande. "Reproduktive grupper (17-25 og 26-35) er på tilbakegang, medan det er ein positiv auke i gruppa 7 – 16 år.

Det kan spørjast om i kva grad satsingar innan kulturområdet skal spegle ovannemnde. Likeins vil det vere ulike meiningar om kultursatsingane sine effektar på busetnad og folketalsutvikling. Men dersom hypotesar om kva som kan påverke busetnad på kort og lang sikt gjev mening, kan demografiske data i nokon grad vere retningsgjevande for val av satsingsområde.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

Ressursgruppa meiner likevel at ressursar bør samordnast og nyttast målretta der ein ynskjer å satse. Dette krev oversikt over samla aktivitetar ,tilgjengelege ressursar , og kva som er sameinte målsetjingar. Stikkordet er organisering.

Kulturarbeidet i Vik kommune slik det framstår i dag, er organisatorisk delt mellom fleire sektktorar og leiingsnivå. Ressursgruppa stiller spørsmål ved dagens organisering, og gjer i tiltakssamanhang difor framlegg om organisasjonsmessige endringar.

## 5.2 Plandel kultur

Sektorplan ; Kultur		Kategori: Bygg og miljø/arealdisponeringar /utsmykking				
Prioritet :	Tiltak:	2005	2006	2007	2008	Ansvarleg:
	Gjennomgang og prioritering av tiltak i samsvar med intensjonane i Øyriplanen, : vurdering av nye innspel til sentrumstiltak etter innspel frå Planbussen sitt prosjekt for Vik sentrum sentrumsnære tiltak bør prioriterast	X	X	X	X	Avdeling for Næring og Utvikling Avdeling for Næring og Utvikling Avdeling for Næring og Utvikling



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.

## 5.2.1 Sentrumsnære tiltak

Ein ser det som viktig at Vik sentrum blir fornya og gjort meir attraktivt for så vel innbyggjarar som tilreisande. Miljøet må utformast i samsvar med dei kvalitetar ein ynskjer å profilere, og området nær fjorden må prioriterast

Sektorplan ; Kultur		Kategori: Attraksjonar/kulturminner				
Prioritet:	Tiltak:	2005	2006	2007	2008	Ansvarleg:
	I samarbeid med eigarane av attraksjonar og kulturminner må det vurderast og prioriterast:					Avdeling for Næring og Utvikling
	vedlikehald, tilgjenge og informasjon om attraksjonar og kulturminner.	X	X			Avdeling for Næring og Utvikling
	aktiv bruk av kyrkjer	X	X	X		
	omvisningar og utvikling av kulturstiar	X	X		X	Avdeling for Næring og Utvikling/ Kyrkja
						Avdeling for Næring og Utvikling

Samarbeidstiltak mellom fleire instansar , - initiert av Vik kommune. Tiltaka kan utviklast og gjennomførast i løpet av planperioden.

Sektorplan ; Kultur		Kategori: Lag og organisasjonsarbeid				
Prioritet :	Tiltak:	2005	2006	2007	2008	Ansvarleg:
1	Tilskot til idrettslaga i kommune	X	X	X	X	Kultur og Ungdomskonsulent
2	Kulturtilskot	X	X	X	X	Kultur og ungdomskonsulent
3	Kulturstipend for ungdom	X	X	X	X	Kultur og Ungdomskonsulent
4	Tilskot til 17.mai nemndene	X	X	X	X	Kultur og ungdomskonsulent

## 5.2.2 Tilskot til idrettslag i kommunen

Kr 120000 som idrettsrådet fordeler til idrettslaga i kommunen. Det er viktig at dette tilskotet held fram- Laga driv aktivitetar som er førebyggjande for born og unge, samstundes som laga driv aktivitetar for vaksne som gjerne kan definerast som førebyggjande helsearbeid.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.

## 5.2.3 Kulturstipend og kulturtilskot

Kommunen har kr 15000 til kulturstipend og kr 58.000 til kulturtilskot.

## 5.2.4 Tilskot til 17.mai nemndene

Vik	kr 8000
Vangsnes	kr 2000
Arnafjord	kr 2000
Arnafjord	kr 2000
Feios	kr 2000
Fresvik	kr 2000

Sektorplan ; Kultur		Kategori: Ungdomsmiljø				
Prioritet:	Tiltak:	2005	2006	2007	2008	Ansvarleg:
1	Vidareføring/utvikling av Prosjekt Ungdom, identitet og Trivsel	X	X	X	X	Kultur og Ungdomskonsulent i samarbeid med m.a Flatbygdi skule
2	Utviding av ungdomsklubben i Vik	X				Kultur og Ungdomskonsulent, i samarbeid med Ungdommens kommunestyre
3	Ungdomskafe/internettkafe	X	X			Kultur og ungdomskonsulent i samarbeid med Ungdommens kommunestyre

## 5.2.5 Prosjekt Ungdom, Identitet og Trivsel

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Sogndal vidaregåande skule og Vik kommune. Prosjektet har vore i drift i 3 år, og tida er inne for å utvida prosjektet. Med ei utviding av dette prosjektet kan me på mange måtar kompensere for eit manglande vidaregåande skuletilbod i kommunen. Utviding av tilbodet kan gjelda såvel fleire grunnkurselevar, som eldre elevar innanfor den etablerte gruppa i prosjektet. Prosjektet er i høgste grad eit førebyggjande samarbeidsprosjekt. Budsjett 2004 er 85.000

## 5.2.6 Utviding av ungdomsklubben i Vik

Dette gjeld særleg tilbod knytt noverande tilbod om "fredagskafe". Kommunen har i dag tilbod om "fredagskafe" annakvar fredag, og stengt midt på sommaren. Ungdommane ynskjer ei utviding til kvar fredag, og ei lenger opning om sommaren. Tiltaket føreset auka løyving/omfordeling.

## 5.2.7 Ungdomskafe/Internettkafe

Dette er ei sak som ungdommen lenge har ynskt seg. Av ulike årsaker har ein ikkje fått til dette. Ungdommens kommunestyre ynskjer framleis at ein skal arbeida med dette, særleg knytt til sommartilbod. Dette heng og saman med at i sommarferien er ungdomsklubben stengt. Tiltaket må vidare utgreiast



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.

Sektorplan ; Kultur		Kategori: Kunnskap- og utviklingsarbeid				
Prioritet :	Tiltak:	2005	2006	2007	2008	Ansvarleg:
1	Utviding av opningstida til biblioteket i Vik ( generelt)	X				Avdeling for Næring og Utvikling/ Biblioteket
	Sommarope bibliotek m/: Underavdeling i sentrum (i samarbeid med næringslivet) Internettkafe	X X				-----”----- -----”-----
	Utvida bibliotekaktivitet: Laurdagseminar Bok-kveldar(m/forfattarar)	X X				-----”----- -----”-----
	Modernisering utlånsverksemda i biblioteket: Elektronisering/arkiv/register – strek-kode	X	X	X	X	-----”----- -
	Utvida vaksenopplæringstilbod: Bruk av helsetunkjellaren – videokonferanse ( samarbeid om høgskuleutdanning m.m.)	X				Vaksenopplæringa/ Oppvekstsektor

## 5.2.8 Utviding av opningstida til biblioteket i Vik

Biblioteket i Vik er i dag ope på kveldstid, tysdagar og torsdagar frå skulestart til skuleslutt. I skuleferiane er biblioteket stengt. Mange har ynskje om at biblioteket held ope både om sommaren og i helgane elles i året. Slik når ein store deler av ungdomsgruppa, i tillegg til turistar. Mange turistar spør etter tilgang til internett. Ei utviding av opningstida, kan og kombinerast med eit tilbod om internett/ein slags internettkafe. Midlar knytt til dette vil vera lønsmidlar til sommar og helgevikar, i tillegg til (1 – 2 )fleire datamaskiner på biblioteket.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 5.2.9 Modernisering av utlånstenesta til Vik bibliotek

Dette går på ei oppdatering av utlånstenesta til dataregistrering. Krev investeringar i elektronisk utstyr.

Tiltaket må gjennomførast over tid - og arbeidet med omstillinga kan difor gjerast over fleire år.

Sektorplan ; Kultur		Kategori: Kulturelle samarbeidsprosjekt				Ansvarleg:
Prioritet	Tiltak:	2005	2006	2007	2008	
	Arbeid med Fridjovsspelet	X	X	X	X	Samarbeid mellom kommunale aktørar og friviljuge organisasjonar i kommunane Balestrand, Leikanger og Vik
	Gamaostprosjekt/lokal mat	X	X	X	X	<b>Vik kommune/næringslivet</b>
	Utsmykkingsprosjekt sentrum	X	X	X	X	Vik kommune/næringslivet/lokale kunstnarar
	”Prosjekt kulturhus”	X	X	X		Vik kommune/næringslivet/kyrkja/andre
	Kulturell Idedugnad	X	X	X	X	Vik kommune/ Fylkeskommune/ Næringslivet/Lokale kunstnarar/ lag og organisasjonar

## 5.2.10 ” Soga om Fridtjov og Ingeborg”

Eit historisk Drama. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Balestrand, Leikanger og Vik, i tillegg til einskildaktørar og ein del friviljuge organisasjonar. Målet er å få til ei markering om soga, og få til eit løft i kommunane i reiselivssamanheng.

## 5.2.11 Gamalostprosjekt/lokal mat

Prosjektet bør få ny form og vera initiert av næringslivet , - i samarbeid med kommunen.

Prosjektet bør utviklast til profilering av lokale verdiar , - gjerne knytt opp mot primærnæringane sine nisje produksjonar. Aktivitetar som Skifestival/Vik Triatlon m.m kan inkluderast.

## 5.2.12 Utsmykkingsprosjekt sentrum

Tiltaket bør sjåast i samanhang med tiltak under kategorien Bygg og miljø/arealdisponeringar/utsmykking .

Det bør likevel vere rett at utsmykkingsprosjekt for Vik sentrum blir eit samarbeidsprosjekt det all relevant kompetanse blir trekt inn, for at Vik sentrum får eit estetisk løft og kanskje blir eit utstillingsvindaug for lokal utøvande kunstnarverksemd og kreativitet.

Tiltaket bør prosjektorienterast, i første rekkje som ein idedugnad og bør føregå i heile planperioden,- vekselvis med ideutvikling og gjennomføring av tiltak i samsvar med moglege finansieringsordningar.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.

## 5.2.13 "Prosjekt Kulturhus"

Vik kommune har etterkvart fleire eigna lokalitetar som kan nyttast til større og mindre kulturarrangement. Kvar til sitt bruk kan Blixhalli, Vikjahalli, Kyrkjene, Kristianhus m.f. gjennom året sine 12 mnd nyttast aktivt til kulturelle arrangement til glede for så vel fastbuande og tilreisande.

## 5.2.14 Kulturell Idedugnad

Tiltaket er meint som eit ideutkast der offentlege instansar, næringsliv, lag- og organisasjonar, og private samlast til idedugnad omkring kva kulturelle aktivitetar og prosjekt som kan utviklast og gjennomførast og gje ringverknader for all verksemd i kommunen/regionen. Rett organisering av slikt prosjekt kan vere trekkje vekslar på kompetanse utanfor kommunen t.d. når det gjeld ide/prosjektutvikling, potensiale i samarbeidsorientering og moglegheiter for prosjektfinansiering.

Det er ikkje urealistisk at ein slik idedugnad kan dra nytte av kompetanse frå så vel Fylkeskommune, Vestlandsforskning, Innovasjon Norge m.m.

Sektorplan ; Kultur		Kategori: Organisering av kulturarbeidet				
Prioritet:	Tiltak:	2005	2006	2007	2008	Ansvarleg:
	Ny organisasjonsmodell for Kulturarbeidet i Vik kommune.	X				Rådmannen

## 5.2.15 Organisering kulturområdet

Arbeidet innan kulturområdet i kommunen er i dag lagt til 2 administrative sektorar/avdelingar, men sorterer under same politiske utval. Oppvekstsektoren leiar arbeidet med kulturskulen og det frivillige song og musikklivet, medan kulturkontoret ( i avd. Næring og Utvikling) forvaltar midlar til lag- og organisasjonsverksemd , arbeidet med anna barne og ungdomsarbeid/prosjekt og kulturverksemd, som i praksis ikkje ligg til kulturskulen si verksemd.

Samla budsjett for kulturområdet er for 2004 om lag 3,3 millionar kroner.

Midlane er budsjettmessig slik fordelt:

Kulturskule:	kr 693.000
Frivillig song og musikkliv (diregentenester):	kr 599.000
Kulturkontor (avd. Næring og Utvikling) adm:	kr 405.000
” ” tilskot /støtte:	kr 807.000
Bibliotekverksemd:	kr 608.000
Lokalhistorisk arkiv	kr 104.000

Kommuneplan-nemnda (skule og oppvekst ) gjorde i sak 32/99 vedtak om organisering av Vik kulturskule, med følgjande uttalte målsetjingar:



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## Kulturskulen skal:

Administrera alle kommunen sine opplæringstilbod innan kultur og stimulera til aktivitet inna heile kultursektoren

Ta utgangspunkt i lokalmiljøet sine føresetnader og særeigen kulturtradisjonar

Administrere, vidareføre og vidareutvikle dei musikk- og idrettsaktivitetar som finnes

Medverke til å byggje bru mellom generasjonar og ulike kulturtradisjonar i lokalmiljøet og regionen

Bidra til fornying, iderikdom og utvikling også ved å gå nye vegar, skapa nye tradisjonar

Medverka til å styrka det lokale kulturlivet saman med ei frivillige organisasjonane

Gjennom samarbeid med andre institusjonar , her særleg grunnskulen, bidra til eit heilskapleg tilbod innan kunst og kultur

## Kulturskulen skal ha fem bein å stå på:

1.dans, 2. drama, 3. idrett, 4. musikk, 5. skapande verksemd

Kulturskulen si målgruppe skal i prioritert rekkjefølgje vere; 1. grunnskuleelevar,


2. førskuleborn, 3. pendlende ungdom og andre som ynskjer tilbod frå kulturskulen

Etter oppretting av kulturskulen har oppgåvene til kulturkontoret (avd. næring og utvikling ), arbeid vidare med forvaltning av støtteordningar til lag- og organisasjonar, administrert bruken kulturhuset Blixhalli, og arbeidet for ungdom. Kulturkontoret har i tillegg noko arbeid med ungdomen kulturmønstring. Det er lite formalisert samarbeid mellom kulturkontoret og kulturskulen når det gjeld utvikling av kulturtilbod generelt i kommunen. Bibliotekverksemda, og lokalhistorisk arkiv ( avd. for Næring og utvikling ), fungerer i dag som i praksis som autonome funksjonar – utan formalisert samarbeid med resten funksjonane innan kulturområdet.

Innafor kulturområdet i kommunen er det samla betydeleg kompetanse. Samordninga av denne kompetansen er likevel liten, og difor truleg ikkje optimalt nytta.

Ressursgruppa trur at vinsten ved samordninga av alle funksjonane innan kulturfeltet og under ei leiing, vil kunne gje effektivitetsvinstar både i høve til ressursbruk og målretta utvikling av kulturtiltak. Fornuftig organisering som vil gje auka eigarskap og motivasjon til arbeidet, og sikre at ressursar blir fordelt i samsvar med dei til ein kvar tid prioriterte oppgåver.

Ressursgruppa gjer difor framlegg om at alt kulturarbeidet i kommunen blir vurdert slått saman under ei leiing. Denne leiinga bør vurderast lagt til oppvekstsektoren.





# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## Samordning

**Viste organisasjonsstruktur er innspel til aktuell modell, som bør vurderast. Det er føresetnad at nye stillingsheimlar ikkje skal opprettast**

## 5.3 Tilflyttar- og flyktningarbeid

### Hovudmål

**Vik kommune skal leggja til rette for at tilflyttarar og flyktningar skal trivast , og sjølve skapa seg ei framtid i kommunen.**

#### 5.3.1 Analysedel

Det knytt store forventningar til tilflyttarprosjektet , og førebels signal frå interessentar og prosjektleiing tyder på at målsetjinga kan nåast. Det kan likevel ta noko tid før resultat vil synast , og aktivt tilretteleggingsarbeid må gjerast både frå Placement rekruttering og Vik kommune.

Aktuelle tilflyttarfamiliar er etalberte i heimlandet med med bustad og arbeid. Dei treng tid til å ta eit endeleg val, selje hus og bryte opp med familie. Det å flytte til Vik er naturlegvis eit stort sprang i det ukjende og usikre.

Familiane er i utgangspunktet ressurssterke, men treng ein stad og bu, moglegheit til etablering av eigen arbeidsplass, -og kan hende i ein overgangsperiode mellombels jobbtillbod til dømes etter 6 mnd.

For dei fleste vil det vere mest attraktivt med hus, tomt utanfor ordinært byggefelt, evt. gardsbruk/småbruk.

Nokre er på jakt er lokaler for etablering av næringsverksemd.

I den fasen prosjektet no er inne i, er det difor viktig at kommunen utfører arbeid i høve til registrering av ledige hus, lokaler og evt. mellombels jobbtillbod. Dette, samt utarbeiding av strategiar og handlingsplanar når det gjeld evt. vidareføring av tilflyttarprosjektet, og aktivt integrerings-og tilretteleggingsarbeid for dei som faktisk gjer val om å flytte til Vik . I denne samanhangen er det særskild viktig å følgje opp med aktivt integrering-tilretteleggingsarbeid, slik at nyinnflytta familiar finn seg til rette som fullverdig innbyggjarar i kommunen, knyter kontaktar og føler seg vel i lokalmiljøet. Dette kan førebyggje ”øysamfunn” av tilflyttarar, og motverke vidareflytting til andre kommunar.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 5.3.2 Organisering av flyktingtenesta.

Det er tilsett flyktingkonsulent i 80 % stilling, som administrativt ligg i næring- og utviklingsavdelinga. Flyktingkonsulenten har ansvaret for busetjingsarbeidet, og all tilrettelegging og samordning av dei ulike tenestene i integreringsarbeidet.

All undervisning av framandspråklege er administrert av Flatbygdi skule. Det er totalt 309 % lærarressursar fordelt på 4 grupper med vaksne elevar og ei gruppe med grunnskuleelevar. Undervisningsstillingane er finansiert av staten.

Ei tverrfagleg ansvarsgruppe har vore i drift sidan 2000. Med i ansvarsgruppa er : sosialleiar, sosialkonsulent, lærar i vaksenopplæringa, helsesøster, styrar i Vik barnehage, rektor ved Flatbygdi skule, psykiatrisk sjukeleiar, soknepresten i Vik og flyktingkonsulenten, og ungdoms- og kulturkonsulent.

## 5. 4 Analysedel flykting

### 5.4.1 Integrering/kvalifisering.

Med det siste busetjingsvedtaket vil flyktinggruppa i Vik kommune kunne bli på vel 50 personar i løpet av 2005.

Som det går fram av faktadelen, utgjer den noverande flyktingegruppa i kommunen personar mellom 0 og 50 år. Over halvparten er i aldersgruppa 17 til 40 år. 14 personar er under 16 år.

Introduksjonslova inneber at alle nykomne flyktingar har rett og plikt til å gjennomføra eit introduksjonsprogram. Både dei som kjem som familiesameinte og eventuelle nye flyktingar i 2004 og 2005 skal gjennomføra programmet i løpet av ein toårsperiode. Etersom Vik kommune skal busetja familiar, vil det vera ei fordeling av personar som skal ha introduksjonsprogram, og som skal ha vanleg grunnskuleopplæring. I dette perspektivet kan ein seia at Vik vil vera ein »transitt-kommune» i den forstand at mange av flyktingane skal kvalifiserast til vidare utdanning. Dei vil likevel ha Vik som busetjingskommune – eller base så lenge mor eller far bur her. Om flyktingar vil verta buande i Vik etter ferdig utdanning, vil vera avhengig av tilgang på arbeidsplassar – slik det er blant etniske vikjer.

Høgskulelektor Ingun Klepp ved Høgskulen i Volda har nyss kome med ein arbeidsrapport om »Trivsel og integrasjon blant etniske minoritetar». Rapporten er ein dokumentasjonsrapport på oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Funna syner at varig og god integrasjon først og fremst handlar om trivsel og tryggleik i kvardagen. Det å vera sjølvhjelpne og ha kontroll over eigen livssituasjon er ein viktig føresetnad for ei vellukka integrering i det norske samfunnet. Arbeid vert oppgjeve som den viktigaste einskildfaktoren. Strukturelle trekk ved busetjingskommunar spelar også inn – om flyktingar blir ein del av majoritetskulturen eller om dei forblir ein minoritetskultur.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

I Vik har fleire lag og organisasjonar teke initiativ til å få til tverkulturelle »treff» i ei eller anna form. Dette er ein viktig arena for forståing og inkludering i eit fleirkulturelt perspektiv, som på sikt vil kunna motverka at flyktningar blir stigmatiserte inn i ein minoritetskultur.

Ettersom mange av dei busette flyktningane er familiar i produktiv alder (det er fødd fem born i løpet av det siste året) – vil det truleg bli ein auke i talet på fødsjar dei næraste åra. Dette vil ha positiv innverknad på barnetalet både i barnehagar og grunnskule.

Vaksne personar må kvalifiserast med tanke på arbeid både i den eksisterande arbeidsmarknaden i kommunen – og med mulegheit til å skapa eigne arbeidsplassar. Fleire av flyktningane har røynsle både frå handverk, forretningsdrift og landbruk.

Arbeidet med tilflyttarar og flyktningar må nyttast til oppfylling av visjonen:

## **5.5 " Nye kulturar - nye mulegheiter".**

Eit overordna mål for kommuneplanarbeidet skal vera folketalstabilisering - og helst folketalauke. Dersom dette skal bli meir enn "fagre ord", må det takast stilling til kva ein ynskjer med folketalauken og korleis ein skal få det til. Ynskjer ein at kommunen skal utvikla seg til å bli eit "fargerikt fellesskap" - med nye kulturar - er tilflytting og busetjing av flyktningar eit viktig verkemiddel.

Tilflytting aukar folketalet i kommunen - den kulturelle ballasten tilflyttarar og flyktningar har med seg, aukar kunnskapen vår om andre verdjar, og utfordrar haldningane våre. Nye menneske skapar nye verdjar - både målbare og ikkje målbare. Målbare i form av auka inntekter til kommunen, eller mindre målbare - i form auka kunnskap og samkvem med menneske. Ordet verdiskaping er tradisjonelt brukt i næringsssamanheng, men det er menneskeleg aktivitet og samkvem som er grunnlaget for all verdiskaping.

Viktige tiltaksområder tilflyttar-og flyktningararbeidet blir i så fall:

### **Organisering av arbeidet**

**Aktivt arbeid for auka tilflytting (tilflyttarprosjekt)**

**Aktivt integreringsarbeid( begge)**

**Aktivt tilretteleggingsarbeid ( arbeid, etablering)**



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## Tiltak

<b>Sektorplan ;</b> Tilflyttar og Flyktningararbeid		<b>Kategori:</b> Aktivt arbeid for auka tilflytting (tilflyttarprosjekt)				
<b>Prioritet:</b>	<b>Tiltak:</b>	2005	2006	2007	2008	<b>Ansvarleg:</b>
	Vidarefører tilflyttarprosjektet;	x				Koordinator tilflyttarprosjektet
	Utvikle Vik kommune si heimeside ( tilpassa evt. tilflyttarar) - med link frå Replacement si webside	x				Koordinator tilflyttarprosjektet/ ansvarleg for Vik kommune si heimeside
	opprette eit kontaktnettet mellom næringsliv og potensielle innflyttarar	x				Koordinator tilflyttarprosjektet

### 5.5.1 Vidareføre tilflyttarprosjektet

Dersom det viser seg at prosjektet kastar godt av seg kan det vurderast om prosjektet skal vidareførast. Har vi innan utgangen 2004 ikkje 30 nye tilflyttarar på plass skal Replacement vidareføre prosjektet uten kostnader til 30 tilflyttarar er oppnådd. Det finns fleire mulegheiter : Vidareføre kontakt med Replacement rekruttering i full skala delta i infostands i utlandet under Replacement rekruttering sin paraply. leige plass webside norsk.nl ( Replacement sin ), og tar seg av vidare arbeid sjølve ( ledige stillingar ).

### 5.5.2 Utvikle Vik si heimeside

Kjøpe link frå norsk.nl til Vik sin heimeside som då må blir tilpassa til tilflyttararbeidet.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.

## 5.5.3 Kontaktnett

Kontaktar mellom bedrifter i Vik / næringssskipsnaden i Vik er ikkje godt nok etablert per dags dato. Det kan skyldast lavkonjunktur eller at tiltaket er for lite innarbeidd.

Sektorplan ; Tilflyttar og Flyktningararbeid		Kategori: Organisering av flyktningetenesta				
Prioritet	Tiltak:	2005	2006	2007	2008	Ansvarleg:
	Flyktningetenesta administrativt lagt direkte under rådmannen	x				Rådmannen
	All aktivitet som utløyser statlege midlar blir samordna i eitt ansvarsområde					Rådmannen
	Ansvarsgruppa for flyktningar blir styringsgruppe for gjennomføring av introduksjonslova	x				Rådmannen

## 5.5.4 Organisering av flyktningararbeidet.

Flyktningetenesta har administrativt vore knytt til både skule- og oppvekstsektoren, og no næring- og utviklingsavdelinga. Flyktningararbeidet er »spreidd» over fleire einingar både praktisk og i budsjett samanheng. Både helse- og sosialtenesta, skulen, vaksenopplæringa, barnehagane, kyrkja og sentraladministrasjonen er direkte involvert i det daglege arbeidet med flyktningar. Dette speglar at mottak og busetjing av flyktningar er eit tverrfagleg ansvarsfelt. Ansvarsgruppa for flyktningar bør få ein annan rolle etter at introduksjonslova er vedteken. Dette inneber at det må gjerast justeringar på samansetjinga. Det vil m.a. vera viktig å ha med ein representant frå arbeidsmarknaden.

Busetjing av flyktningar utløyser i ein femårsperiode statlege midlar, både i form av integreringstilskot pr. flyktning (+ ekstramidlar til elevar i grunnskulen), midlar til vaksenopplæring og til tospråkleg assistanse. Dette inneber auka aktivitet i ulike deler av det offentlege tenesteapparatet og auke i tal arbeidsplassar.

For å oppnå ein best mogeleg bruk av dei statlege midlane som følgjer av aktiv busetjing, bør dei ulike tenesteområda som spesifikt jobbar med flyktningar, samordnast under eitt ansvarsområde og administrativt leggjast direkte under rådmannen. Overgangen til introduksjonslova gjer dette naturleg. Førde, Flora, Gloppen og Sogndal har teke konsekvensen av nyordninga og samordna flyktningetenesta i ei felles eining.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.

Sektorplan ; Tilflyttar og Flyktingarbeid		Kategori: Aktivt integreringsarbeid				
Prioritet	Tiltak:	2005	2006	2007	2008	Ansvarleg:
	Informasjonsarbeid mellom tilflyttarar / flyktingar og etniske vikjer / verksemder: Skriftleg og munnleg ( Vikja – heimeside- møter )	x	x			Flyktingekonsulenten/ Etableringsrettleiar
	Norskundervisning/samfunnsfag Grunnskuleopplæring for personar over 16 år Vidaregåande opplæring i Vik I samarbeid med ”Vikjaprojektet” Samarbeid med Sygna vidaregåande skule om tilpassa undervisning.	x x	x x	x x	x x	Oppvekstsjef ” ” ”
	Fleirkulturelt kulturarbeid i samarbeid med frivillige organisasjonar ( song, musikk, drama )	x	x	x	x	Flyktingekonsulent/ Ungdoms- og kulturkonsulent
	Vurdering/godkjenning av realkompetanse/utdanning frå heimlandet	x	x	x	x	Vaksenopplæringa for framandsprålege
	”Flyktingeguide” – frivillige fadderordningar mellom norske og utlendingar	x	x	x	x	Flyktingekonsulenten

## 5.5.5 Informasjonsarbeid

Det viser seg at tiltaket har bare sjanse å lukkast når informasjonen er ivareta. Info er flaskehalsen i integrering og er aldri godt nok. Det vert gjort framlegg om aktive tiltak i form av drama/ revy/ musikk (korps) støtte / iverksett av kommunen. Elles er ”Vikka” eller liknande media som bør nyttast aktivt.

Ad Vurdering av kompetanse:

Vik kommune har ansvar for å vurdere kompetanse til personar utanfor EØS-landa.

Kostnader skal betalast av kommune. For personar frå EØS er det i dei fleste tilfelle ei godkjenning av yrkesutdanningar.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 5.5.6 Fadderordning

Det er viktig at tilflyttarar blir tatt vare på etter at dei har etablert seg i Vik kommune slik at dei føler seg velkomne, får hjelp med spørsmåla sine og blir buande i kommunen.

Sektorplan ; Tilflyttar og Flyktningarbeid		Kategori: Aktivt tilretteleggingsarbeid ( arbeidsetablering)				
Prioritet	Tiltak:	2005	2006	2007	2008	Ansvarleg:
	Tilrettelegging for (korttids)jobbar for nytilflyttarar	x				Koordinator tilflyttrprosjektet / Vik kommune/næringslivet
	Kartlegging av ledige husvære/bygg/planlagde nybygg/ledige småbruk/gardar	x				Koordinator tilflyttarprosjektet
	Koordinere og stimulere til kvalitetsturisme	x	x	x	x	Koordinator tilflyttarprosjektet

## 5.5.7 Korttidsjobbar

Det viser seg at tilflyttarar har behov for ei sikker inntekt (arbeid) i ein periode når dei etablere eiga verksemd.

Dei fleste har litt kapital med seg slik at dei kan kjøpe hus, men har ikkje til vidare livsopphald ut over det. Evt etablerarstipend m.v., kan ikkje påreknast før etter ein stund etter tilflytting.

## 5.5.8 Ledige husvære/bygg/gardsbruk

Å leige et hus er ei løysing berre for ein kort periode. Dei fleste innflyttarar er innstilt å kjøpe eit gammalt hus/eigendom som dei kan pusse opp, i staden for å kjøpe tomt og bygge nytt. For gruppa tilflyttarar som har bruk for ein liten verkstad/ bygg er det ikkje lett å finne tilfredsstillande bygningsmasse for sal. Leige blir vurdert som lite attraktivt særleg dersom det trengs omfattande ombyggingar.

## 5.5.9 Kvalitetsturisme

Det er stort potensiale i Vik kommune for godt marknadsført og (sam)organisert kvalitetsturisme. Det inneber at naturkvalitetane i bygda skal takast i bruk.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 6. Sektorplan for oppvekst.

### VISJON

**Eit godt oppveksttilbod for alle, tilpassa alle sine behov**

### Vedtekne hovudmålsetjingar innanfor oppvekstområdet

- sikring av gode, trygge og forsvarlege oppvekstvilkår
- born og unge skal aktiviserast i høve til demokratisk medverknad
- det skal tilretteleggjast for oppvekst og opplæring med god forankring i lokalmiljøet

### 6.1. Generelle opplysingar oppvekstsektoren

#### 6.1.1. Definisjon av omgrepet oppvekst

Sektorplanen for oppvekst rettar seg i første rekkje mot personar i spennet mellom førskulealder fram mot avslutta vidaregåande skule (aldersgruppa 0 - 19 år). Under sektoren ligg det også eit ansvar for å sjå til å gje opplæring til heile aldersspennet i kommunen på vaksenopplæringsområdet. Eit særleg viktig felt i så måte er undervisningstilbodet retta mot framandspråklege vaksne. Kulturskulen skal også yta dirigenttenester til vaksne i kor og korps.

Kommunen skal leggja planar for verksemda si innanfor dei lovpålagde områda grunnskule, kulturskule, barnehage, SFO og vaksenopplæring og elles sjå på infrastrukturen i vikjasamfunnet som påverkar den primære tenesteproduksjonen. I dette perspektivet vil det vera eit mål for kommunen å skapa trivnad og tilhøyre. Å gje vidaregåande opplæring er primært eit fylkeskommunalt ansvar, sameleis har staten ansvar for utdanning på høgskulenivå, men i planlegginga vår vil det ha verdi å sjå på tvers av systema der det ligg felles interesser i botn.

## 6.2. Analyse oppvekst

Gruppa har gjennom ein analyse av nosituasjonen sett vidare framover for å utvikla området i ei lei som er i tråd med dei overordna målsetjingane.

### 6.2.1 Generell innleiing

*Oppvekstsektoren i Vik har utvikla gode kvalitetar som må byggjast vidare på . Kommunen har ein desentralisert struktur både på skule, SFO og barnehage med tilbod nær der folket bur. Kommunen har eit høgt utdanningsnivå i sektoren og kontinuerleg gitt høve for alle med fagleg påfyll og vedlikehald. Vik kommune har teke mål av seg til å ha høg kvalitet på tenestene, og dei fysiske tilhøva har gjennomgåande god standard. Nærmiljøkunnskapen står høgt på dagsorden og kan forbeistrast på fleire område ved å ta i bruk heile kommunen som læringsarena både i høve til å bruka naturen kring oss og ikkje minst vera i samhandling med næringsliv, kulturliv og samfunnet kring oss elles. Spørsmål som gjeld likestilling og miljø vil framleis vera viktige, ikkje minst gjennom prosjektarbeid. Oppvekstsektoren må framleis - og meir enn nokon gong før - vera omstillingsvillig.*



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 6.2.2 Skular

- vidareføra entreprenørskap som ein organisk del mot breiare samarbeid skule - næringsliv - frivillige org.
- ta aktivt del i å optimalisera den tilpassa opplæringa og kompetanseutviklingsprogram knytta til dette
- utvikla eit godt skulevurderingsprogram i høve til dei nasjonale programma og gjennom lokale vurderingsopplegg
- auka kunnskapen om bruk av IKT som opplæringsreiskap, planmessig utvikling av IKT i faga
- styrkja banda mot andre land via internasjonalisering
- utarbeida handlingsplanar mot mobbing
- leggja til rettes for personalutvikling i tråd med skulen sine behov
- vidareutvikla prosjektmetodikk
- oppretthalda eit forsvarleg nivå på timetalet
- byggja gode arbeidsplassar for lærarar på alle skulane
- byggja tidhøvelege undervisningsrom med tidsmessig utstyr
- halda på skulestrukturen

## 6.2.3 Barnehagar

- utvikla “den gode barnehagen”
- vidareutvikla barnehagevurderingssystem
- gjennomgå tilboda med omsyn på brukartilpassning
- halda ein høg barnehagefagleg profil ved bl.a. å stilla krav om førskulelærar i alle barnehagane
- stimulera til betre balanse i kjønn ved å tilsetja menn
- leggja stor vekt på aktivitetar som fremjer motorisk utvikling og dermed språk som motkrefter til TV-sjåinga
- stimulera til lokalt tilpassa prosjektarbeid

## 6.2.4 SFO

- gje SFO-tilbod / halda oppe SFO- i utkantbygdene der behovet er til stades
- arbeida vidare med å intergrera SFO-barnehage der dette let seg gjera

## 6.2.5 Vaksenopplæring

- leggja til rettes for livslang læring i forhold til behov for kompetanse i arbeidslivet
- synleggjera dei kommunale ressursane og stilla dei til rådvelde for kursarrangørar, også bedriftsrelatert opplæring
- skapa ein arena for bruk av fjernundervisning i samarbeid både innover i eigen kommune og eksternt
- utvikla samarbeidet vidare i høve til Vik Fengsel på undervisning og kompetansutvikling
- syna fleksibilitet i høve til kompetanseopplegg skreddarsydde for funksjonshemma
- i samarbeid med opplysningsorganisasjonane gje kompetansegevande vidaregåande opplæring



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 6.2.6 Fritid

utvikla kulturskule med mangfald og breidde, gjerne sirkulerande tilbod mellom bygdene arbeida for å leggja til rettes på ein slik måte at kor og kortradisjonane vert oppretthaldne og ført vidare

arbeida for fleire uformelle treffstader for ungdom, særleg med tanke på uorganisert ungdom tiltak for hybelbuande ungdom frå Vik kommune på ungdommen sine premissar

gå vidare med nattugleprosjektet

styrkja det førebyggjande arbeidet med narkotika

## 6.2.7 Vidaregåande skule

arbeida for å få til eit vidaregåande skuletilbod der flest mogeleg elevvar får bu heime

optimalisera skuleskysstilbodet for å gjera det mogeleg for flest mogeleg å bu heime

utvikla heimedagordninga vidare

gje tilbod om førebuande, vidaregåande opplæring for framandspråklege nyss hitkomne flyktingar

## 6.3 Tiltak oppvekstsektoren

### 6.3.1 Aktuelle tiltak på tvers av profesjonane

- entreprenørskap
- oppretta eit pedagogisk forum
- driva kompetansutvikling i høve til framandspråklege
- felles prosjekt på tvers (Døme: utsmykningar, skilting, miljøprosjekt)
- integrasjon og samarbeid mellom skule/barnehage og kulturskulen på prosjekt innanfor ei heilskapstenking med stikkorda PSM, "Den kulturelle skulesekken", aspirantopplæring, korps
- førebyggjande tiltak i høve til livslang deltaking i arbeidslivet
- trygg veg til skule og barnehage
- stimulera til aktiv bruk av naturen
- skapa arbeidsvilkår for å realisera sentrale planar

### 6.3.2 Lærlingordning

- utvida satsing på lærlingeordning både i privat og offentleg sektor
- leggja tilhøva til rette for å gje kvalifiserte arbeidstakarar fagstatus etter §20 åleine evt. regionalt saman med andre

### 6.3.3 Samarbeid med høgskulesystemet

- trekkja høgskulesystemet inn i kompetansutviklinga
- arbeida for å vedlikehalda og vidareutvikla øvingslæraroplegget i kommunen



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## **6.3.4 Framelska kjensla av å høyra til ein stad (“det er her eg høyrer til”)**

- prosjektretta arbeid i skulen
- verdien av leirskulen
- aktiv bruk av kulturminna, t.d. historisk vandring, ta dei i bruk i prosjektretta verksemd på alle nivåa
- ta i bruk dei eldre som ressurs på alle nivåa innanfor oppvekst på ein naturleg treffarena
- byggja på lokalt tradisjonsstoff i skule/barnehage

## **6.3.5 “Det fleirkulturelle samfunn”**

- ta i bruk menneske frå andre kulturar som ressurs i læringssituasjonar og i kultursamanhengar
- oppretta venskapsavtalar med ringverknader for skular og barnehagar

## **6.3.6 Sentrum - periferi**

halda oppe og vidareutvikla dagens aktivitet på skule- og barnehagestruktur, SFO, kulturskule, tiltak retta mot uorganisert ungdom  
få menneske med spisskompetanse til å arbeida og busetja seg på dei mindre stadene  
finna løysingar for dei kommunale tilboda i utkantane når folketalet er i bølgedalar  
arbeida på tvers for å løysa problem som gjeld infrastrukturen i eit lite samfunn  
utvikla samarbeid mellom skular, barnehagar og SFO innan kommunen med felles prosjekt

## **6.3.7 Utfordra dugnadsånda**

- ta i bruk unytta ressursar, t.d. foreldre både i fritid og i høve til barnehage, skule, i nattugleprosjektet m.v..  
sponsing

## **6.3.8 Kommunikasjonar**

- arbeida fram ei pendlarrute til Sogndal samstundes som ein opprettheld ruta til/frå Fresvik
- betra rutetilbodet innan dei ulike delane innafor kommunen
- gode heilårssamband mot omverda

## **6.3.9 Regionalt samarbeid**

- tenkja regionalt i saker som kommunen ikkje greier åleine, mot t.d. hybelungdom
- utvikla samarbeidet i regionen innanfor PPT
- nettverkbygging mot naturlege samarbeidspartar

## **6.3.10 Plankrav ved dei einskilde avdelingane**

Skulane, barnehagane og kulturskulen skal laga eigne handlingsplanar bygde på dei visjonane og retningslinene som er felte ned i kommuneplanen der også opprustingsalternativa vert tekne inn.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 7. Sektorplan næring.

### 7.1 Generelt om næringsplanen

Næringsplan for Vik kommune skal synleggjere korleis kommunen ynskjer å leggje til rette for næringsutvikling i planperioden. Planen skal vidare gje oversikt over områder kommunen særskild vil satse på, med bagrunn i næringslivet sine prioriteringar.

Planen skal sette fokus på Vik kommune som tilretteleggjar for næringsutvikling, og kva som kan gjerast for å utvikle kommunen sin rolle her. Det skal peikast på evt. mogelegheiter for regionale samarbeidsprosjekt, og moglege samarbeidspartner utanfor kommunen sine grenser.

Næringsplanen skal vurdere no-situasjonen for næringslivet, utviklingstendensar, og gjennom analyse av mogelegheiter og begrensingar vise retning for strategiar og satsingsområder for planperioden.

I samsvar med overordna målsetjing for Vik kommune i planperioden, skal næringsplanen peike på særskilde fokusområder for oppfyljing av denne, og klargjere kommunen sin politiske og administrative rolle i vidare satsingar. I så måte må planen sin einskildtiltak følgjast opp budsjett- og ressursmessig.

#### 7.1.1 Overordna målsetjingar Vik kommune

Næringsutviklingsarbeidet i Vik kommune skal ha som målsetjing å sikre eksisterande næringsliv gode og framtidsette vilkår, og leggje til rette for vidareutvikling og nyskaping. Kommunen skal vere ein attraktiv stad for nyeetablering.

## 7.2 Analyse/- framlegg til innsatsområder/tiltak

### 7.2.1 Generell innleiing

Dei seinare åra har det i Vik har festa seg pessimisme i vurderingar av bygda sine framtidsette. Mykje grunnlagt i utfaling av - og nedgang i folketalet, og til uvisse om arbeidsplassar særleg til knytt til at Hydro Aluminium har trekt seg ut frå verksemda i kommunen.

Mange har fokusert på usikkert og manglande heilårs vegsamband Vik-Voss, og følgjer av dette for busetnad og næringsliv. Kanskje har fokuseringa på uvisse og negative trender gjort oss handlingslamme og lite i stand til å sjå alt det positive som det frå ulike hald blir jobba med.?



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

Trass i ulike reelle utfordringar blir det meld om aktivitet som kan danne grunnlag for auka næringsverksemd, busetnad og trivnad:

- Nytt industrihus under planlegging aust for Vikja
- Vilje og semje om satsting på sentrumsfornyng (jfr. arealdel kommuneplan)
- Innvandrarbutikk i sentrum
- Ny lokalisering av industrikai ved Røyrvik Bygg og Betong
- Nyetablering av fiskeoppdrettsanlegg
- Utviding planar Vik Fengsel med behov for utvida lokal tenesteyting
- Prøveprosjekt for utviding av produktspekteret ved Tine Meierier, Avd. vik, basert på lokale råvarer
- Synergieffektar av hytteprosjekt Myrkdalen?
- Spannande produktutviklingsprosjekt ved Vik Verk?
- Lokale investorar i industrien, samordning av verksemdområder
- Framgang og omsetnadsauke Linn Bad og Sogneprodukter
- Aukande satsing på gardsturisme, utvikling av tilleggsnæringar i landbruket
- Tilflyttarprosjekt med fleire aktuelle næringsaktivitetar knytt til seg?
- Breiband til industri og innbyggjarar
- Anortosittprosjektet i Aurland – utnytting av forekomsten i Jordalsskaret
- Småkraftverk
- Marknadsføring av næringstomter
- Økonomisk avklaring/etablering av djupvasskai

Ovannemnde lister er døme på satsingsvilje og positive trendar, som i mykje større grad bør synleggjerast som motvekt til pesimisme og mismot. Det er ingen tvil om at moglegheitene er mange – og at fleire tiltak bør søkjast realisert. Aktivitet avlar aktivitet!

I lys av negativ folketalsutvikling dei seinare åra har det vore ein uttalt målsetnad for Vik kommune å arbeide for stabilisering og auke i folketalet. Dette tyder at det må satsast særleg sterkt på næringsutvikling, i tillegg til sikring av eksisterande arbeidsplassar. Positive effektar kan ein i så måte få ved utvikling innan dei fleste næringsområder. Frå næringslivet sjølv er ein sameint om at varige effektar først og fremst kan nåast gjennom utvikling av:

## 7.2.2 Industri

Av dei 19 (i år 2000 registrerte industri/produksjonsverksemdar i Vik), er det 7 i hovudsak gjev grunnlag for om lag 200 tilsette. Tal tilsette er minkande.

Blant dei 7 største er det varierende forretningsmessig utvikling, og ulike utfordringar for framtida. Særleg har omstillinga etter at Hydro Aluminium trekte ut si verksemd i bygda krev mykje lokal innsats for å bevare arbeidsplassar.

Stifting av utviklingsselskap i Vik kommune

Selskapet kan td. etablerast som aksjeselskap der næringsliv, finansieringsinstitusjonar og Vik kommune er deleigarar. Alternativt kan selskapet etablerast som eit prøveprosjekt over 4 år med felles finansiering mellom offentlege og private. Gjennom søknad om



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

omstillingsmidlar for Vik kommune, bør heile eller delar av prosjektet kunne finansierast av slike midlar.

Selskapet kan ha som arbeidsområde:

- jobbe aktivt for å skape arbeidsplassar
- leggje tilhøva til rette for potensielle etablerarar
- marknadsføre kommunen som ein attraktiv plass for etablering
- arbeide for samarbeidstiltak/nettverk mellom bedrifter ( lokalt med mer...)
- arbeide med arbeidskrafttiltak/kompetansetiltak for lokalt næringsliv
- pådrivar for betring av rammevilkår
- vere bindeledd mellom næringsliv og offentleg verksemd

**Tiltaket er høgt prioritert av næringslivet.**

**Vik kommune må i samarbeid med næringslivet følgje opp saka snarast.**

## **Uvikling av industriområda**

I arealdel til ny kommuneplan må det vurderast utviding av industriareal, lokalitetsmessig tilpassa dagens industri. I tillegg må ein vurdere behovet for areal for nye verksemder og moglegheiter for bygging/utvikling av industrilokaler til utleige for potensielle etablerar.

**Vik kommune må i samarbeid med næringslivet vurdere framtidige behov, og leggje til rette for at behova blir dekkja gjennom arealdelen i ny kommuneplan.**

## **Anortositprosjektet i Aurland – utnytting av forekomsten i Jordalsskaret**

Vik kommune skal halda seg à jour i høve marknadsutviklinga for anorthosit og vera budd på tilrettelegging når tida er moden.

## **Vik kommune må arbeid vidare med:**

Interne system og rutinar for rask sakshandsaming når det gjeld :

- Plan og byggesakhandsaming
- Tilsagn og løyvehandsaming
- Informasjon og rettleiing generelt
- utvikling av tilgjengelege og oversiktlege informasjonbasar for potensielle etablerar for:
- Tilgjengeleg areal/bygningar
- Lokale tilskots/støtteordningar
- Rettleiingsteneste
- arbeide for vinter-ope Vik-Voss
- betre ferjefrekvens på Vangsnes særleg om laurdag
- betra offentleg kommunikasjon til reisande med snøggåten
- open frå 05.00 – 24.00
- vidare arbeid med tunneløysing R13 - Vikafjell



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## **7.2.3 Handel**

Grunnlag for handelsverksemd er i hovudsak knytt til tal innbyggjarar i kommunen, kundegrunnlaget i anna næringsverksemd, og tal tilreisande i samband med turistaktivitet og hyttebruk.

Næringa er i tillegg avhengig av fortløpande å kunne konkurrere med handelsverksemd i regionsentra, for å demme opp for "handelslekasje".

Utvida satsing i handelsnæringane vil på mange måtar vere avhengig av ny og auka aktivitet i andre næringar.

## **Framlegg til innsatsområder og tiltak –næringsområdet HANDELSVERKSEMD**

### **I. Tilrettelegging for meir bustadbygging**

Det må leggjast til rette for reelle val av bustadtomt når det gjeld lokalisering, både for noverande innbyggjarar og potensielle tilflyttarar:

Med fokus på sentralt lokaliserte tomter – fortetting sentrum/"storetriangel"

På tenestetorget skal det føreliggja ei god oversikt over ledige tomter.

### **Tiltaket må med i arealdel ny kommuneplan.**

### **II. Vurdere prisstrategi for tomteareal til bustadbygging**

For kommunale tilrettelagde tomter:

Kostpris eller lågare (for tilflyttarar)

For andre tomter:

Tilskotsordningar for etablering/nytilflytta

### **III. Arbeide aktivt for auka hyttebygging**

Auka hyttebygging vil medføre auka omsetnad for næringslivet i bygda – ikkje minst i handelsnæringane.

Mange av dei næringsdrivande gjev tilbakemelding om at hytte/- og feriehuseigarar utgjer ein stor del av deira kundegrunnlag.

Såleis vil det liggje eit unytta potensialet i få auka hyttebygging i Vik kommune,- særleg når det gjeld utanbygds hyttebyggjarar. Med grunnlag i marknadsundersøkingar bør det såleis kunne leggjast til rette for utlegging hyttetomter:

Fokus på sentralt lokaliserte hyttetomter ( sentrums-nære)

Fokus på hyttetomter i fjordområda

I denne samanhang kan det vere rette å sjå nærare på lokale reglar for konsesjonsvilkår – særleg når det sal/kjøp av eigedomar til fritidsføremål. Vik har mange eldre/små bustader



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

som kan vere aktuelle som fritidsbustad/- hytte, men som pr. i dag er vanskeleg omsetlege p.g.a konsesjonsreglar.

**Vik kommune må initiere tiltak i samsvar med ovannemnde,- og ta høgde for evt. tiltak i arealdel for ny kommuneplan.**

## **IV Behovs-/etableringsvurdering handelsverksemder i Vik**

Som lekk i å redusere handelslekasje bør Næringsssamskipnaden bør vurdere behovet-og grunnlaget for Handels/- tenesteselement som manglar i bygda.

### **7.2.4. Reiseliv**

”Den nye turisten vil stille større krav enn tidlegare ved val av destinasjon”. Dette utsagnet er henta frå SND og reiselivet (1997) sin strategiplan for ”utvikling av attraktive reisemål”. Det vert peika på at eit attraktivt reisemål er kjenneteikna ved gode kultur- og opplevingstibod, og eit godt visuelt miljø. Det betyr at utvikling av reisemål må vere grunnlagt i samarbeid mellom ei rekkje private og offentlege instansar . Grundig planleggjeing vil vere viktig.

Vi har i dette framlegget til næringsplan førespurd den lokale reiselivsorganisasjonen om innspel til tiltak for utvikling av reiselivsnæringane. Desse er i det vidare opplista som einskildtiltak, som i og for seg er konkrete og praktisk retta.

Dersom ein i Vik vel å gjere reiseliv til eit satsingsområde for kommunen, bør det likevel takast initiativ for samarbeid om utvikling av ;

### ***Strategiplan for Reiselivsutvikling***

der både næringane og kommunen er med.

Slik plan må vere heilskapleg, og ansvarleggjere kommune og private aktørar i satsingar grunnlagt i sameinte målsetjingar.

### **Utvikling av Strategiplan for Reiselivsutvikling bør såleis vere hovudtiltaket**

**Framlegg til innsatsområder og tiltak –næringsområdet REISELIV/TURISME, opplisting einskildtiltak:**

#### **I. Sentrum må vidareutviklast til eit attraktivt område**

Tiltaket som må detaljuttgreiast i samband med delplanar for sentrumområdet, må innebere utvikling av grøntareal, rydding, pynting, tilrettelegging av parkeringareal og aktivitetar i sentrum (td. sentral badeplass).

Det kan vere grunn til å ta utgangspunkt i NTNU-studentane (planbussen) sine framlegg i ”sentrums-prosjektet” som bli framlagt i mai 2004, med fokus på utvikling av dei sjø-nære områda.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

**Tiltaket vil stimulere til auka aktivitet i sentrum med synergieffektar for handel og turistbasert verksemd, og gjere Vik til ein trivelegare stad å vere både for bufaste og gjestar.**

## **II. Fokus på utnytting av attraktive sentrum-sjø-nære områder/tomter**

Tiltakspunkt I tar i stor mon omsyn til ovannemnde ved å ta utgangspunkt i framlegga frå NTHI-studentane.

Vi vel likevel særskild nemne vidare bruk av Kristianhus, som ligg på ei av dei mest attraktive tomtene i sjø-nært område i Vik sentrum.

Det bør gjerast nye vurderingar på utnytting av dette området med funksjonar som i større grad vil utnytte området aktivt i turistsamanhang.

## **III. Det må jobbast med turisme**

Gardsturisme, fjellturar og lignende er aktuelle satsingsområder

Vik har naturgjevne førsetnader for å utvikle konsept innan dette området, og med initiativ frå kommune og næringsssamskipnad bør det leggjast til rett for utviklingsprosjekt der næringane og einskildpersonar blir inviterte til idedugnad og prosjektutvikling.

## **IV. Vidareføre/-auke innsatsen på profilering av Vik kommune som turiststad**

Vik kommune i samarbeid med næringslivet/reiselivsorganisasjonane må utvikle og iverksette strategi for marknadsføring av kommunen

## **V. Opplisting overgripande tiltak for utvikling av reiselivet i kommunen**

Vik og Vangsnes Reiselivslag har som innspel til næringsplanen, levert opplisting av tiltak og aktivitetar for auka aktivitet i næringa. Dei fleste av framlegga til tiltak vil vere basert på samarbeid mellom kommune, næringsliv og reiselivsorganisasjonane.

### **7.2.5. Generelle tiltak**

- Leggje til rette for hyttefelt i alle sokna, og i tilknytning til desse gjestehamn/småbåthamn
- Utvikling av turstiar,- merking og vedlikehald
- Utvikle minigolfanlegg
- Dra nytte av "Fjell-landsbyen" i Myrkdalen
- Oppdatering av "Vik-Guide"
- Internettside ,med saga om Fridtjov og saga om Hopperstad og Hove
- Betre effekt av både skuldensesongane og dei tilboda vi har
- Utvikling av nye tilbod.
- Opprusting og opp-pussing i alle sentrumsområda i dei fem sokna.

### **7.2.6 Geografisk retta tiltak**

Tiltak Fresvik

- Betre utnytting av Fresvik breen med breføring, tilrettelegging av tilkomst m.m. Nytt NRK filmen om vandrainga til "Gjest Bårdsen".



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

- Tilrettelegging på stølen Engji med overnatting m.m

## Tiltak Vangsnes

- Fridtjovsparken med infobygg/toalett,
- Kai for hurtigbåt og andre mindre fartøy,
- Munken bade plass, rydding.
- Jektesenter, (må eventuelt samlokaliseras med Kristianhus)

## Tiltak Vik sentrum

- Nærbadeplass ved Fellesnaustet,
- Kristianhus, vidareutvikle og fornye,
- Kaianlegg for turistskip,
- Rafting i Vikja,
- Guida turar på Øyri og på fjellet,
- Opning for publikum i kraftstasjon på Hove,
- Båten "Sylvarnes" i turistrute, minst ein gong i veka.
- Oppretthalding av kulturlandskapet,

## Tiltak Arnafjord

- Utvikle dette unike området i turistsamanhang.

## Tiltak Feios

- Utvikling av Nærmiljøet ved butikken
- Utvikling av området ved skulen

### 7.2.7. Generelle tiltak primærnæringane

Landbruk – og skogbruket er i stor mon avhenging av nasjonale politiske føringar. Den nasjonale landbrukspolitikken er vidare sterkt avhengig av internasjonale forhold.

Internasjonale reglar for handel og økonomisk støtte gjennom EØS- avtalen og WTO gjev rammer for norsk politikk og norske politiske prioriteringar.

Fylkesdelplan for landbruk ( Sogn og Fjordane des. 2002) peikar og på desse forholda, men understrekar samstundes at;

*"det i Noreg er uttrykt sterk politisk vilje til å oppretthalde hovudtrekka i busetjinga i heile landet ....*

*... kanaliseringspolitikken har fordelt produksjonen mellom distrikta slik at fjell og fjordbygdene har kunna satse på gras og husdyrproduksjon".*

I tillegg er det klart at:

*" I internasjonal politikk vert det stadig oftare tala om miljøomsyn , reist kritiske spørsmål til det industrialiserte landbruket og langt større vekt på heilskapleg bygdepolitikk. Vekst i folketalet i verda gjer det dessutan naudsynt å ta vare på både jordbruksarealet og produksjonsevna for mat i alle delar av verda"*



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

Fylkesplan for Landbruk (des 2002) listar opp hovudmålsetjingar, strategiar og tiltak for landbruket i Sogn og Fjordane. Med grunnlag i desse, utviklingstendensar, moglegheiter og utfordringar lokalt i kommunen, ynskjer vi i det vidare å peike på prioriterte satsingsområder og tiltak for landbruksnæringa i Vik kommune:

## **Framlegg til innsatsområder og tiltak –næringsområdet Landbruk/skogbruk**

### **I. Oppretthalde og auke den relative del av kommunen sin mjølke- og husdyrproduksjon i Sogn og Fj.**

Næringsorganisasjonane og kommunen må leggje til rette for – og stimulere til at produksjonsnivået i landbruket blir halde på dagens nivå, eller auke i samsvar med evt. nedgang i resten av fylket:

Nytte konsesjonsreglane slik at aktive bønder får auka driftsarealet slik at jordbruksarealet i kommunen vert halde i hevd.

Stimulere til fellesdrift i utsette landbruksområder

Initiere lokale kompetansehevingstiltak for potensielle jord/skogbrukarar som del av rekrutteringstiltak.

Støtte til oppkjøp av mjølkekvotar.

Bidra til at gardsbruk som opphøyrer som sjølvstendige driftseiningar framleis vert attraktive buplassar.

### **II. Vedlikehalde og vidareutvikle satsingane på hagebruk (frukt og bær)**

Dette er viktig å vidareføre kommunen sin unike posisjon som produsent innan hagebruket, ikkje minst p.g.a av potensiale i lokal vidareforedling av lokale råvarer.

Innleie samarbeid med potensielle mottakarar av produkta

Initiere prosjekt for alternative marknader for desse produkta

Vidareføre kommunale støtteordningar for næringa

### **III. Stimulere til alternative produksjonar – tilleggstenester innanfor landbruksnæringane**

Auke innsatsen for informasjon, råd og rettleiing for etablering av alternative næringar knytt mot landbruket:

Ymse typar gardsturisme

Guidingstenester – friluftsliv med mer

Etableringar av produksjonsverksemder lokal mat

Etableringar av produksjonsverksemder andre lokale produkt (jord og skog)

Sentrumsnære handels(- og kanskje produksjonsveksemder) jord/skog

### **IV. Kompetansen innafor kommunal råd-/ og rettleiingsteneste må oppretthaldast**



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

Kommunen kan i løpet av få år misse kapasitetar innanfor råd-/og rettleiingstenesta i landbruket, og næringa er uroa over dette.

Rekrutteringprosessen må starte i god tid



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 8. Kommunalteknisk sektorplan

### 8.1 Generelt om teknisk sektor

#### 8.1.1 Anvarsområde

- Sommar-, vintervedlikehald av kommunale vegar, 75 km.
- Nybygging og rehabilitering av veganlegg.
- Vedlikehald kaianlegg.
- Drift og vedlikehald av gatelys.
- Drift og vedlikehald av vassforsyning.
- Drift vedlikehald avløpsnett.
- Drift mottaksstasjon renovasjon for SIMAS.
- Beredskap brann.
- Førebyggjande brannvern.
- Drift og vedlikehald grøntareal og parkar.
- Drift og vedlikehald kommunale bygg og eigedommar.
- Vaktmeistertenester.
- Tilsyn elveforebyggingar.
- Rettleiing og informasjon til innbyggjarane.

### 8.2 Tiltak kommunalteknisk

#### 8.2.1 Kommunale bygg og eigedomar

Hovudmål kommunale bygg- og eigedomar

Vedlikehald og oppgradering av kommunale bygg- og eigedomar. Kfr. Sak 0009 704.

Prioritert rekkjefylgje vil ein kome attende til seinare.

#### 8.2.2. Hovudmål kommunale vegar

- Trafikktrygge vegar/ fast dekke på alle kommunale vegar
- Godt sommar- og vintervedlikehald
- Vurdere fortløpande utfasing av kommunale vegar
- Få rydda opp i trafikksituasjonen ved og kring kommunehuset. Gjere kaiområdet meir innbydande for reisande og fastbuande.
- Bygging av nye vegar skal utførast i samsvar med vegnormalen

#### 8.2.3. Hovudmål brannordning

Brannordninga skal være i samsvar med nasjonale krav.

Delmål brannordning:

- Forsvarleg/effektiv beredskapsordning for heile kommunen
- Oppretthalde brannordninga i Fresvik
- Sikre kompetanse med det frivillige brannvernet
- Søke samarbeid med nabokommunar på område der det er tenleg



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## **8.2.4 Hovudmål vatn og avløp:**

Kommunen skal vera ein sikker leverandør av reint vatn. Kvaliteten skal vera i tråd med gjeldande lover og forskrifter.

Avløpsløysingar skal vera i tråd med lover, reglar og nasjonale krav.

Delmål vatn og avløp:

- Ved gode rutinar og godt vedlikehald vil ein sikre, god vasskvalitet og sikker levering til kundane.
- Få internkontroll/kvalitetssystem implementert for vatn og avløp.
- Gjennomføre hovudplanane for vatn og avløp.
- Ved rehabilitering og nybygging av vegar må ein òg vurdere framføring av vatn og avløp eller renovering av eksisterande anlegg.

## **8.2.5. Hovudmål drift og vedlikehald**

Utvikle kommunen til ein god eigedomsforvaltar.

Delmål drift og vedlikehald:

- ENØK i alle bygningar.
- Vassboren varme i alle nybygg der det let seg utføre. Vurdere vassboren varme i eksisterande bygningar.
- Kostnadsoppfølging/tilstandsrapport for kvar bygning.
- Godt arbeidsmiljø og inneklima i tråd med lover og forskrifter.

## **8.2.6. Hovudmål overflatevatn i Flatbygdi.**

Overflatevatn frå Fengslet og ned til Vik barnehage. Få dette ført på Vikja.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## **9. Arealdelen til kommuneplanen**

### **9.1 Generelle skildringar og kommentarar**

#### **9.1.1 Planprosessen**

Kommuneplan for Vik kommune er utarbeidd i medhald av reglane i Plan- og bygningslova (Pbl) sine krav jfr. § 20- 1 til og med 20 - 6.

Arealdelen er tufta på Miljøverndepartementet sin rettleiar T- 1225.

#### **9.1.2 Kartgrunnlag**

Kartet er utarbeidd og ligg føre i digital form. Planelementa er digitalisert frå kart i ymse målestokkar.

#### **9.1.3 Kommunal sakshandsaming**

Ved søknad om byggeløyve og melding om tiltak, tilbyr kommunen gjennom førehandskonferanse å gje søkjar informasjon om kva vilkår arealdelen til kommuneplanen og Plan- og bygningslova set til tiltaket. Søkjar kan få opplysningar om aktuelle miljømessige, tekniske, kulturhistoriske, eller estetiske føresetnader på staden for at tiltaket skal kunna godkjennast.

Like eins informasjon om vegtilkomst, vassforsyning og avlaupstilhøve.

Kommunen skal ta særlege omsyn ved sakshandsaming i område med særleg verdifullt natur- og kulturlandskap

#### **9.1.4 Dispensasjon**

*Planutvalet kan dispensere frå reglar gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova når "særlege grunnar" ligg føre, jfr. pbl. § 7. For at vilkåret skal vere oppfylt, må det ligge føre spesifiserte, klare grunnar som etter ei konkret vurdering er av ein slik tyngde at dei kan slå igjennom overfor dei omsyna planen er meint å ivareta. Det er søkjaren som skal påvise dei grunnane som ein meiner talar for at planen kan fråvikast.*

Omgrepet "særlege grunnar" skal vurderast i høve til dei offentlege omsyn planlegginga skal ivareta. Dersom det vert søkt om dispensasjon som strir mot offentlege omsyn, føreligg det ikkje "særlege grunnar", og difor ikkje høve til å dispensera. "Særlege grunnar" vil i første rekkje vera knytt til areal- og ressursdisponeringsomsyn. Det kan vurderast å gje dispensasjon frå vedtekne reguleringsplanar som ikkje er i samsvar med gjeldande arealbrukspolitikk, dersom kommunen meiner det vil ta for lang tid med ei omregulering etter Pbl. § 28- 1 nr. 1. Mellombels dispensasjon kan gjevast for ein periode, eller på ubestemt tid, og inneber at søkjaren utan kostnad for kommunen må fjerna mellombels bruk, eller dersom det krevst, gjenoppretta tidlegare tilstand.

Vik kommune sin dispensasjonspolitikk skal praktiserast slik at omsyn til vern av nasjonale og lokale verdiar vert godt ivaretekne utan at dette etter ei totalvurdering skal hindra ei positiv utvikling av kommunen og lokalsamfunna.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 9.1.5 Omdisponering og deling - Lov om jord (jordlova)

Kommunene har med verknad frå 01.01.04 bl.a. fått fullmakt til å avgjera alle delingssøknader. Overføring av mynde er gjort bl.a. for å styrka lokaldemokratiet på landbruksområdet.

Kommunen si rolle er å utøva eit lokalt skjønn og forvalta dei landbrukspolitiske verkemidla innan råma av nasjonal politikk.

Det er ikkje gjort endringar i forbodet mot omdisponering av dyrka jord mv., jf. jordlova § 9, eller forbodet mot deling av eigedom som er eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk, jf. jordlova § 12. Reglane gjeld uendra for å ivareta viktige nasjonale omsyn som jordvern og omsynet til ein tenleg bruksstruktur.

Kommunane skal avgjera omdisponeringssøknader og delingssøknader.

Ved overføring av avgjerdsmyndet til kommunen er det lagt til grunn at skjønnsvurderinga av de ulike omsyna skal gjerast av kommunen. Dette er gjort m.a. for å gje kommunen høve til å sikra busetting i distrikta, verdiskaping og levedyktige lokalsamfunn samstundes som viktige nasjonale omsyn vert ivaretekne.

Ved overføring av mynde til kommunen i m.a. omdisponerings- og delingssaker, gjeld òg krava som er stilt til forsvarleg sakshandsaming, til grunngjeving av avgjersla og til utgreiingsplikt. Kommunen står fritt til å bestemma på kva måte de landbruksfaglege sakshandsamingsbehova skal løysast.

Fylkeslandbruksstyret si rolle vil i det vesentlege vera å handsama klagesaker.

Jordloven § 9 bestemmer som eit viktig nasjonalt omsyn at dyrka jord ikkje må brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at den ikkje blir eigna til jordbruksproduksjon i framtida

Det er naudsynt å leggje større vekt på samanhengane mellom eit sterkt jordvern, kulturlandskap og miljø for å sikra verdifulle landbruksareal i eit langsiktig perspektiv. Føremålet med omdisponeringsforbodet er å verna produktive areal og jordsmonnet.

Kommunen kan gje samtykke til omdisponering når "særlege høve" føreligg.

Meininga med formuleringa er å få fram at dyrka og dyrkbar jord skal ha sterkt vern.

Kommunen kan gje dispensasjon etter ei samla vurdering der det skal leggjast vekt på godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet, det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gje og om arealet kan førast tilbake til jordbruksproduksjon (dyrkbar jord). I dei tilfella kommunen ser at søknaden ikkje kan imøtekomast, skal kommunen ta kontakt med søkjar med sikte på å finne fram til ei alternativ løysing som kan godtakast.

Det er ikkje naudsynt med samtykke til omdisponering etter jordlova når bruken av jorda tek sikte på jordbruksproduksjon, eller når det dreiar seg om omdisponering av anna areal enn dyrka og dyrkbar jord.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

Jordbruksproduksjon er all planteproduksjon i jordbruk og hagebruk der jorda blir brukt som vekstmedium. Omgrepet omfattar vidare bygningar som er direkte knytt til drifta av eigedommen, samt våningshuset. Oppføring av for eksempel kårbustad krev omdisponeringssamtykke.

Jordloven § 12 bestemmer at eigedom som er eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk ikkje kan delast utan samtykke frå kommunen.

Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige. Leige og bruksrettar til del av eigedomen, krev òg etter omstenda samtykke, sjå pkt. 8. Føremålet med delingsforbodet er å sikra og samla ressursane på bruket for noverande og framtidige eigarar. Vilkår for å gje delingssamtykke er enten at samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller at deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastninga eigedomen kan gje.

Kravet til delingssamtykke gjeld bebygde og ubebygde eigedomar som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Det er uten betydning om eigedomen består av fleire gards- og bruksnummer dersom dei ulike delene er på same eigarhand og etter kommunen sitt skjønn må reknast som ei driftseining. Eigedomen må likevel ha ein storleik og plassering at den objektivt sett kan gje grunnlag for lønsam drift.

Det kan setjast vilkår for deling og omdisponering dersom det er nødvendig av omsyn til føremåla lova skal tilgodesjå.

Samtykke til omdisponering fell bort dersom arbeid for å nytte jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort. Dersom deling ikkje er rekvirert innan tre år etter at samtykke til deling er gitt, fell samtykket bort.

Kommunen og fylkesmannen skal føre tilsyn med at reglane i jordlova vert overhaldne.

Kommunen kan påby at ulovlege anlegg eller byggverk (omdisponering) blir fjerna.

Fylkesmannen kan fylgje opp brot på omdisponerings- og delingsforbodet ved å ileggje tvangsgebyr.

## **9.1.6 Særleg verdifulle jordbruksareal i Vik kommune**

Med tilvising til kap 9.1.5 vil Vik kommune utøva ein meir restriktiv omdisponeringspolitikk i fylgjande område:

- Vik hovudsokn
- Vangsnes

## **9.1.7 Planen sin rettsverknad; Pbl. § 20-6**

Kommuneplanen skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen. For tiltak som nevnt i §§ 81 (driftsbygningar i landbruket), 86a (mindre arbeid på bustadeigedom), 86b (byggearbeid innanfor ei einskild verksemd sitt område), og 93 (tiltak som krev løyve) må, når ikkje anna er bestemt, ikkje stri mot arealbruk eller føresegner som er fastlagt i endeleg arealplan.

**Det same gjeld andre tiltak som kan vera til vesentleg ulempe for gjennomføringa av planen, jfr PBL § 20-6 første og andre ledd. I Vik kommune skal vedtekne regulering- og utbyggingsplanar gjelda framfor arealdelen til kommuneplanen, jfr. Pbl. § 20- 6, tredje ledd. Gjeldande planar vert presentert i plandokumentet**



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## **9.2 Omtale av arealdelen til kommuneplanen**

### **9.2.1 Oversiktskartet**

Det har vorte gjort ein grundig revisjon av strandsona. Det har vist seg at dispensasjonspraksis i kommunen har medført at store deler av strandsona i dag må vurderast som bebygd. Områda mellom Djuvik og Tveit og Galden til Liktvor er no registrerte og lagt ut som eksisterande og framtidig utbyggingsgrunn med krav om regulering. For å synleggjera lovforbodet mot bygging og deling er 100-metersbeltet elles påført plankartet.

Det er lagt til rette for ei større feltutbygging for hytter i Nyastølslia og elles tilrettelagt for mindre felt i Indrefjorden.

### **9.2.2 Delplan Vik**

Plankartet er à jourförd med endringar som vart gjort ved utarbeiding av delplan Flatbygdi/Vik Sentrum. Det har vore fokus på dei sjønære områda og det er sett krav om regulering for vidareføring av arbeidet. Hovudgrepa er generell opprusting av vegføringa gjennom sentrum, gangsamband langs sjøen og tilrettelegging for friområde/hamneområde. Ved utarbeiding av reguleringsplanar/utbyggingsplanar innan delplanområdet skal ein planleggja gangveg/turvegløysingar og butilbod for funksjonshemma.

### **9.2.3 Delplan Nese**

Tilrettelagt for utbygging av hytter langs sjøen.

### **9.2.4 Delplan Framfjorden**

Mindre utbygging til fritidsføremaal i bukta.

### **9.2.5 Delplan Vangsnes**

Tilrettelagt for fortetting av bustadområda langs sjøen.

### **9.2.6. Delplan Feios**

Tilrettelagt for utbygging i områda mellom Osen og Feios skule.

### **9.2.7. Delplan Fresvik**

Vidareføring av eksisterande plan med mindre tillegg.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 9.3 Føresegner (juridisk bindande) og retningslinjer

### Føresegner

#### 1.0) Byggeområde; Pbl. § 20- 4, andre ledd bokstav a.

For områda som på karta er definerte som byggeområde kan tiltak som nevnt i §§ 81, 86a, 86b og 93, ikkje finna stad før det er utarbeidd godkjent reguleringsplan (R) eller utbyggingsplan (U) for området. Dette er påført plankarta.

#### 1.1) Føresegner for råstoffutvinning

##### Pbl. 20-4, andre ledd bokstav a.

Uttak av råstoff eller frådelling til slikt føremål kan berre skje etter reguleringsplan, jf. pbl. kap. VII

#### 2.0) Føresegner til byggeområde for fritidsbustader/hytter.

##### Pbl. § 20- 4, andre ledd bokstav b.

I område merka R kan bygging ikkje skje før det ligg føre reguleringsplan.

Reguleringsplanen skal syna kotèhøgder, plassering av bygningar, avkøyrsløse, parkering, og tilkomst/sti til hyttene. I nye felt som vert utbygde etter vedteken plan skal storleiken på bygningane fastsetjast i føresegnene.

Tak skal tekkjast med ikkje- reflekterande materiale.

Gesimshøgde skal ikkje overstiga 3 meter, og mønehøgde skal ikkje vera over 5 meter.

Møneretning skal tilpassast terreng og evt. ikringliggjande bygningar.

Synleg grunnmur skal ikkje overstiga 1 meter.

Ved byggearbeid skal det takast omsyn til eksisterande vegetasjon og terreng.

Takvinkel skal vera på mellom 25 og 35 grader.

Oppsetjing av gjerde er ikkje tillate.

Evt. framføring av elektrisk kraft skal skje i kabel lagt i grøft.

Ved val av fargar på tak og veggjar, skal det leggjast vekt på tilpassing til ikringliggjande bygningar og natur.

Det skal etablerast felles parkeringsplass for hytteområda med plass til 2 bilar for kvar hytte. Denne skal etablerast når bygging av hytter tek til. Der det ikkje er mogeleg å etablere parkeringsplass knytt til einskildtomter, må det visast til anna tilfredsstillande løysing. Kommunen stiller krav til estetisk utforming, der bygg og installasjonar vert tilpassa omgivnadane.

#### 2.1) Føresegner for regulering av Indrefjorden

Følgjande skal leggjast til grunn for utarbeiding av reguleringsplan for nemnde område i arealdelen til kommuneplanen

Reguleringsområdet er avgrensa av Fretheimselva, fylkesvegen til kryss med veg til Halset og nordgrensa til eigeidomen 60/4. Området er vidare avgrensa mot privat eigedomsrett i sjø og om lag 100m i horisontalavstand frå sjøen på austsida av bukta redusert ned til kryss med veg Halset.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

Strandsona under fylkesvegen på gnr 63/5-7 skal avsetjast til offentleg friområde. Frå grensa mellom gnr 63/5-7 og gnr 63/3 vert om lag 120 m av strandområdet avsett til utbyggingsføre mål naust. Vidare skal om lag 120m av strandsona avsetjast til offentleg friområde. Vidare kan om lag 110m av strandsona bli disponert til utbyggingsføre mål. Området i vest skal oppretthaldast som LNF-område.

## **2.2) Føresegner for regulering av område nord for Nese.**

Området skal regulerast til fritidsbusetnad. Bygningane skal planleggjast godt tilbaketrekt frå sjøen og området langs sjøen skal avgrensast med byggjegrænse.

## **2.3) Føresegner for regulering av området Vetlehagen/Sinklesteinsvika/Vangsnes**

Hovudføre mål bustad, men føremål næring på reiselivsanelegg. Fritidseigedomar vert à jour ført med rett føremål. Området skal regulerast før opparbeiding/utbygging.

## **2.4) Føresegner for regulering ROS-analysar**

Ved utarbeiding av regulerings/utbyggingsplanar skal det gjennomførast ROS-analysar vedrørande rasfare.

## **2.5) Føresegner for spreidd bustadbygging i LNF-områda**

### **Pbl. § 20- 4 andre ledd bokstav c.**

I kvar av grunnkretsane Seljedalen, Ovrisdalen, Framfjorden, Arnafjorden, Finden, Feidje, Tjønn, Fresvik Nedre, Fresvik Øvre og området mellom Kyrelvi og plangrense delplan Vangsnes vil kommunen i LNF-områda tillata oppført inntil 5 bygningar som ikkje er knytt til landbruk eller annan stadbunden næring.

I LNF-område der det er gitt høve til spreidd bygging skal:

Bygningar og evt. tomter setjast ut av, eller skje i samråd med kommunen.

Byggeskikk og fargebruk skal tilpassast eksisterande miljø, natur og kulturlandskap.

Hovudmøneretning skal tilpassast møneretning for i-kringliggjande bygningar.

Takvinkel skal vera på minimum 25 grader.

Framføring av elektrisk kraft skal skje i kabel lagt i grøft.

Uteopphald - og leikeareal skal ikkje plasserast nær kraftleidningar, eller på areal med større stigning enn 1: 3.

## **2.6) Byggeforbod i nedslagsfelta. Pbl §20-4, andre ledd bokstav e.**

I dei kartfesta nedslagsfelta for vassforsyninga i kommunen er det forbode med etablering av ny og vesentleg utviding av eksisterande fritidshus utan i medhald av vedteken reguleringsplan.

## **2.7) Byggeforbod langs vassdrag; Pbl. § 20- 4, andre ledd bokstav f.**

Langs elvane Fresvikelva, Feioselva, Vikja, Hopra, Dalselva og Fretheimselva inntil 30 meter frå strandline målt i horisontalplanet ved gjennomsnittleg flaumvasstand, er bygge- og anleggstiltak for nye bustader, næringsbygg landbruksbygg, fritidsbygg og veg forbode. Gjennom reguleringsplan eller utbyggingsplan kan annan avstand fastsetjast.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 3) Ymse tema

### 3.0) Retningslinjer til Pbl. § 74

Ved lokalisering og utforming av tiltak, skal det takast omsyn til naturelement som har estetisk verdi.

Ved planlegging og prosjektering av nye byggverk skal det takast omsyn til dei eksisterande kulturminna i kommunen. Nye tiltak skal lokaliserast og utformast med god estetisk kvalitet, slik at verneverdige objekt ikkje vert råka.

Nye bygg og anlegg skal lokaliserast og formast slik at ein unngår at dominerande landskapsformer og strandsoner vert splitta opp av byggverk.

I område som har ein klar tomte- og byggestruktur, bør nye bygningar innarbeidast i eksisterande bygningsmasse. Tomtestorleik, byggegrense mot offentleg veg, høgd og takform, skal bli vektlagt.

Nye tilbygg bør lokaliserast og utformast slik tradisjonen har vore for den aktuelle bygningstype.

Bygningar som ikkje er verna kan byggjast om og endrast dersom dei får ei form, dimensjon, detaljering og materialbruk, som samsvarar estetisk med tilgrensande bygningar.

### 3.1) Retningslinjer for nybygging og restaurering i stølsområde.

Oppføring av stølshus er berre tillate i samband med stadbunden næring.

I stølsområde bør det berre førast opp enkle bygningar inkludert bislag, på inntil 50 kvm.

Nye bygningar i stølsområde bør plasserast og få møneretning som samsvarar med eksisterande byggestruktur.

Bygningar i fjellet bør ha ei enkel rektangulær hovudform med saltak og møne på langs.

Langveggar bør ikkje vera høgare enn 2,2 meter, og helst endå lågare.

Veranda vert ikkje tillate.

Utvendig kledning bør vera liggjande.

Grunnmur bør vera i naturstein. Eventuell betong bør ikkje vera synleg. Dersom eldre grunnmur ikkje vert endra, kan det byggjast ny trekonstruksjon oppå grunnmuren.

Tak bør tekkjast med torv. Helletak kan nyttast der dette er vanleg.

Vindauge bør vera små og av tradisjonell type med faste (ikkje utanpålagde) sprosser.

Liggjande format på vindaugsopningar bør unngåast. I gavlveggar bør vindaugo vera symmetriske om mønet.

## 9.3 Andre planar

**I kommunal sakshandsaming skal det m.a. takast omsyn til desse planane**

Sektorplanar

Hovudplan for vassforsyning.

Hovudplan for avlaup.

Kommunedelplan- Område og anlegg for idrett og friluftsliv.

Verneplan for Stølsheimen.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

I tillegg skal nye temaplanar og revisjon av gjeldande planar nyttast som informasjonsgrunnlag for kommunal sakshandsaming frå tidspunktet desse vert gjort gjeldande. Statlege og fylkeskommunale planar og retningsliner skal innarbeidast i framtidige kommunale planar i den grad kommunen finn det naudsynt.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## **10. Plan for etablering av kriseleiing i kommunen**

### **10.0 Tilhøve kommunen har ansvar for å ta seg av i en krisesituasjon**

- ta hand om skadde personar
- omsorg for personar som har vore utsette for store påkjenningar
- bistand ved evakuering av personar frå eit utsett område
- innkvartering av forulykka eller redningsmannskap
- informere om situasjonen i kommunen og gje forholdsreglar
- forpleiing eller anna forsyningsstøtte
- sikre helsemessig trygge næringsmiddel, inklusiv drikkevann
- gjennomføre regulerings-/rasjoneringstiltak
- rette opp skader på kommunikasjonar og andre anlegg
- opprydning, oppreinsking, avfallsdeponering og anna innsats for å sikra miljøet
- vern av kulturelle verdier



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 10.1 Kriseleiinga (beredskapsrådet)

### 10.1.1 Generell innleiing

Ved større ulykker, katastrofar eller kriser skal det bli etablert ei kriseleiing i kommunen. Kriseleiinga skal bestå av den politiske leiinga, rådmannen, samt leiinga for dei aktuelle fagområda (beredskapsrådet). Kriseleiinga skal vera eit kjerneelement med få personar som har fullmakt og mynde til å handla i en akutt situasjon.

For at kriseleiinga skal lykkast med krisehandteringa er det viktig at ein identifiserar ein krisesituasjon i tide og går inn med tiltak på eit tidleg tidspunkt for å minimalisera skadeomfanget.


Avhengig av krise og omfang avgjer ordførar eller rådmannen, eventuelt i samråd med politiet, kven som skal bli innkalla til kriseleiinga og om kriseleiinga skal vera i funksjon på døgnbasis.

Styringsapparatet bør være fleksibelt for å kunne tilpassast forskjellige krisesituasjonar. Det må også bli etablert eit støtteapparat for kriseleiinga som kan handtera funksjonar som informasjon, ekspedisjon, sambandsteneste, kontorteneste mv.

Personar som skal inngå i kriseleiinga og i støtteapparat, må få informasjon og opplæring.

#### **Samrøystes vedtak i kommunestyret 17.09.98:**

Kriseleiinga i Vik skal etablerast i samsvar med etterfylgjande skisse:





# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 10.1.2 Kriseleiinga sine hovudoppgåver

- leie arbeidet med å utarbeide ein kriseplan for leiinga i kommunen
- sjå til at kriseplanlegginga i dei kommunale verksemdene er samordna og at desse samla er tilstrekkeleg til å setje kommunen i stand til å ivareta sine oppgåver innan ulike områder
- fremma tiltak for å auka den kommunale krisehandteringskompetansen

## 10.1.3 Fullmakter til beredskapsrådet

I ein krisesituasjon kan det være nødvendig med delegert mynde og vide fullmakter til beredskapsrådet. Instruks for kriseleiinga skal vedtakast av kommunestyret, slik at beredskapsrådet kan ta viktige "haste"-vedtak som ledd i krisehandteringa, utan at saka må gå gjennom kommunestyret eller formannskapet.

## 10.1.4 Instruks for beredskapsrådet:

Ordføraren og rådmannen har ansvar for å innkalla beredskapsrådet.

Fylgjande mynde vert delegert frå kommunestyret i krisesituasjonar:

Høve til å avvike frå vedteke budsjett.

Beordre ekstra overtid.

Grense for økonomiske forpliktelsar som beredskapsrådet kan pådra kommunen er sett til kr 200.000,-.

Ovanstående mynde gjeld kvar einskild sak, og kan berre vedtakast nytta av leiaren i lag med minst to av medlemmene i beredskapsrådet.

## 10.1.5 Avklaring av ansvars- og samarbeidsforhold

I samband med arbeidet med kriseplan bør det skje ei drøfting med politi/lensmann om ansvars- og samarbeidsforhold. Det bør bli etablert ei ordning som sikrar gjensidig varsling og orientering når ei større ulykke eller katastrofe skjer.

## 10.1.6 Varsling og rapportering

Det må førebuast faste rapporteringsrutinar frå einingar/fagorgan i kommunen. Slike rapportar vil være noko av grunnlagsmaterialet for daglege faste orienteringsmøter i leiinga. I ein krisesituasjon må det bli klargjort kvar og når slike møte skal haldast.

## 10.1.7 Intern informasjon

I ein krisesituasjon kan det vera for stor tilgang eller for liten tilgang på relevant informasjon. Begge situasjonar kan skapa vanskar for beredskapsrådet og vedtak i denne leiinga. Dette kan løysast ved at det i tillegg til ei presseteneste og ei publikumsteneste blir etablert rutinar for korleis organisasjonen som heilskap skal handtere forskjellig informasjon.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 10.1.8 Varsling

Ved kriser kan det bli behov for at fylkesmannen oppnår rask kontakt med kommunen, også utover normal kontortid. Av den grunn bør det innarbeidast et eige punkt om varslingsrutinar i kriseplanen.

### Instruks for rapportering til og frå kriseleiinga

Tidspunkt for rapportering .Kva rapportar skal omhandle.

status for vedkommande sektor evt. skader, manglar, problem mv.:

#### **Innrappoterast kriseleiinga dagleg innan kl 10.00.**

behov for ekstra ressurstilførsel. Tilhøve som krev avklaring frå kriseleiinga og som ein ynskjer drøfta på orienteringsmøte.

#### **Innrappoterast så fort status er kjend.**

Rapportering til fylkesmannen:

#### **Dagleg kl 12.00.**

## 10.1.9 Lokale og samband

Kommunen må ha lokale som eignar seg for krisehandtering i fredstid. I dei utpeika lokala må det finnast tilstrekkelege opplegg for telefon og telefaks.

Dersom det oppstår en situasjon som gjer at telenettet blir overbelasta, vil telenettet kunne koble ut summetonen hjå abonnentar som ikkje er prioritert. Det er derfor viktig at dei linjer som kriseleiinga skal bruke vert innmelde til fylkesmannen for unntak frå utkopling (Viktig prioritert telefon - VPT).

Det bør også vurderast å ha ei telefonlinje koplå utanom sentralbord.

## 10.1.10 Kompetanseheving

Det skal vera rutinar for gjennomføring av øvingar, kurs, seminar for kriseleiinga.

Kommunen si øverste kriseleiing skal samlast minst 1 gong pr år.

Kommunen bør også utvikle ein kompetanseplan i krisehandtering.

## 10.1.11 Rullering og revidering av kriseleiingsplanen

Plan for kriseleiing skal rullerast og oppjusterast årleg.

Kvart fjerde år skal planen hovudrullerast.

Ordføraren har ansvaret for at prosessane vert gjennomførde.

## 10.2 Etablering av kriseleiing

Ved ei omfattande ulykke eller katastrofe kan ordføreren eller rådmannen vedta at kriseleiinga vert kalla saman.

Avhengig av situasjonen kan fylgjande også innkallast:

Sivilforsvaret

Heimevernet

Frivillige organisasjoner

Andre



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 10.3 Lokalisering av kriseleiinga

### 10.3.1 Kommunehuset

I bygningen er det tilgang på telefon og telefax.

I tillegg tilgang på elektronisk post.

**NB Ved straumbrot er det ikkje tilgang på lys og varme i bygningen.**

### 10.3.2 Oppgåver til kriseleiinga:

1. Innhente opplysingar om situasjonen i kommunen
  2. Gjera vedtak om å iverksetja tiltak for å hindre skader på personar og materielle verdiar
  3. Prioritera ressursar frå kommunen si side
  4. Halda kontakt med skadestadsleiinga evt. LRS (politikammeret)
  5. Utarbeida og senda ut informasjon til publikum og media
  6. Gje rapport om situasjonen i kommunen til Fylkesmannen
- Avhengig av art og storleik på krisa vurderar og opprettar kriseleiinga kontakt med aktuelle samarbeidsorgan.

## 10.4. Plan for informasjon til publikum og media

Eit viktig element i samband med krisehandtering er effektiv handtering og formidling av informasjon. God krisehandtering forutset at det blir etablert rutinar for korleis kommunen skal handtere informasjon under ei krise.

I kommunen er det den politiske og administrative leiinga som har det overordna informasjonsansvaret.

I krisesituasjonar er behovet for rask og korrekt informasjon stort, og kommunen må rekne med stor pågang frå både publikum og media. Kommunen må difor ha utarbeidd ein informasjonsplan. Informasjonsplanen bør omfatte rutinar for informasjonsformidling til publikum og media.

### 10.4.1 Presseteneste

Media representerar ein viktig ressurs i samband med rask informasjonsformidling til publikum. For ei kriseleiing er det difor viktig å ha ein strategi i høve til media som er basert på samarbeid. Dette kan i første rekkje innebera at det bli etablert ei presseteneste for regelmessig kontakt med media.

Pressetenesta si oppgåve er:

- å halde kontinuerleg kontakt med media
- å formidle relevant og korrekt informasjon frå overordna styresmakt
- produsera pressemeldingar
- arrangera pressekonferansar
- formidla kontakt med fagetatar og eksterne samarbeidspartar
- formidle viktig informasjon gjennom media
- andre nødvendige oppgåver



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 10.4.2 Publikumsteneste

Publikumstenesta skal i første rekkje gje publikum informasjon så tidleg som muleg i ein krisesituasjon. Den skal både formidla opplysningar, svara på henvendelsar samt vidareformidla informasjon frå publikum til beredskapsrådet. I tillegg kan det oppstå situasjonar der det blir behov for å oppretta ein samtalefunksjon for å roe ned publikum. Bemanninga av pressetenesta og publikumstenesta vil måtte variera ut frå omfang av krisa, art og utsrekning i tid.

Sivilforsvaret kan bistå som en muleg ressurs for styrking av publikumstenesta.

Ein informasjonsplan må i tillegg omhandla:

- ansvarsforhold i forhold til kontakt med media
- aktiviseringstidspunkt for informasjonsplanen
- lokalisering av informasjonstenesta, herunder
- pressetenesta og publikumstenesta
- oversikt over tilgjengelege tekniske hjelpemiddel

Dersom krisa er av en slik art at LRS blir etablert, vil LRS ha primæransvaret for informasjonsformidlinga innen eige ansvarsområde. All annan informasjon står kommunen ansvarleg for. Det er difor viktig å førebu eit samarbeid mellom LRS og beredskapsrådet i samband med kommunen sin informasjonsplan.

## 10.4.3 Informasjonsplan

Informasjonsansvaret i kommunen

### **Leiar: rådmannen**

Nestleiar: skule og oppvekstsjef

Informasjonskontoret vert etablert i Kommunehus I

Telefon: 57 69 82 00

Mobiltelefon: 91 31 02 84

Telefax: 57 69 82 01

E-mail: [post@vik.kommune.no](mailto:post@vik.kommune.no)

### **Oppgåver til informasjonstenesta:**

1. Innhente opplysningar om situasjonen og rapportera vidare
2. Gje informasjon til publikum om situasjonen
3. Informera om farlege situasjonar som kan oppstå og bidra til unngå ytterlege skadar
4. Informera om helsemessige og sosiale tilhøve, vareomsetning, energi, kommunikasjon osv.
5. Informera eigne tilsette
6. Informera media



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 10.5. Plan for evakuering

Ved ei større ulykke kan det bli aktuelt å flytte personer frå eit skadeområde, eller eit utsett område i kommunen, til eit anna område, i eller utanfor kommunen. Fleire styresmakter har fullmakt til å iverksetje evakuering. I dei fleste tilfella vil det vera politiet som gjer vedtak om eller utfører slik flytting. Kommunen vil likevel, dersom det er snakk om en evakuering av større omfang, bli sterkt involvert. Det er difor nødvendig å ha tenkt igjennom kva ei evakuering kan kreve av ressursar og korleis den skal gjennomførast.

Ein plan for evakuering av område i kommunen må utarbeidast i samarbeid med lokal politistyresmakt.

Sivilforsvaret kan vera ein nyttig medspelar i planarbeidet og som ressurs i ein evakueringssituasjon.

### **Evakuering**

Plan for evakuering av personar frå eit skadeområde eller eit utsett område i kommunen til eit anna område i eller utanfor kommunen.

Beredskapsrådet er ansvarleg for å leia evakueringarbeidet.

Tilflyttingsnemnda skal brukast for å gjennomføra evakueringa.

Oppgåver til dei som skal leie og gjennomføra evakueringa i evakueringsområdet:

- 1.Skaffe oversikt over evakueringsområdet (kven som bur der m. v.)
- 2.Informera befolkninga i det området som skal evakueres om kva dei skal ta med seg m.v.
- 3.Skaffa eigna transportmidel.
- 4.Samla personar i eigna lokale når ikkje innkvartering kan skje direkte
- 5.Føreta registrering over kven som blir innkvartert kvar, kven som flyttar på eiga hand m.v.
- 6.Kontrollera at evakueringsområdet er tomt og setje ut vaktmannskap.
- 7.Bistå ved behandling av skadde og personar med psykiske problemer m.v.
- 8.Samarbeide nært med LRS/skadestadsleiinga
- 9.Sørge for forpleining og eventuelt klede
- 10.Omsorgsfunksjon. Avtale med prest/friv.org.
- 11.Gje løpande informasjon

Liste over aktuelle innkvarteringsstader i kommunen:

Solvang Camping  
Fjellheim Camping  
Tveit Camping  
Djuvik Camping  
Vik Campingplass  
Hopstock Hotel  
Tistel Camping



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

## 10.6. Ressursoversikt

Oversikt over organ som kan forsterka kommunen sin eigen beredskap, samt over tilgjengelege redningsressursar i kommunen, vil vere eit viktig hjelpemiddel i ein krisesituasjon. I tillegg til slike oversikter kan det også vera føremålstenleg å inngå samarbeidsavtaler med frivillige organisasjonar og andre som kommunen kan få støtte frå. Av viktige organ som kan forsterka kommunen sin eigen beredskap kan ein nemna:

### 10.6.1 Sivilforsvaret

Sivilforsvaret har ressursar som ein kan trekkje på for å forsterka eigen kapasitet. Sivilforsvaret skal iht. Sivilforsvarsloven hjelpa til med å forebygge og "råde bot på skade" som ikkje skuldast krigshandlingar.

Sivilforsvaret har over 100 fredsinnssatsgrupper (FIG) lokalisert rundt i landet. Desse gruppene består av personell som er trenar innan brann, redning, sanitet, omsorg, orden og samband. Kommunar og Politi/LRS kan rekvirera FIG ved behov. Kostnader ved bruk av FIG blir dekkja av Sivilforsvaret.

I tillegg kan ein innkalla ordinære katastrofeinnsats- og støttegrupper. Desse utgjør 11-12 000 mann.

Ytterlegare opplysingar kan ein få hjå Sivilforsvaret sine 48 tenestestader.

### 10.6.2 Forsvaret

Forskjellige lover opnar for bruk av militære ressursar til å støtte det sivile samfunnet når tilhøva skulle tilseie det. Heimevernslova §13 seier bl.a. at Heimevernssoldatar kan påleggast teneste som tek sikte på å avverge eller avgrense naturkatastrofar eller andre alvorlege ulykker.

Spørsmål om hjelp frå Forsvaret skal i dei fleste tilfella rettast til fylkesmannen, som formidlar dette til rette militære styresmakt. Ved konkrete rednings-aksjonar kan den lokale politimeistar eller lensmann be om hjelp direkte frå Forsvaret. Utgangspunktet for dette er at organisert avdeling blir stilt til disposisjon under leiing av eige befal til løysing av konkrete oppgåver.

Den lokale HV-avdelinga vil vere det naturlege kontaktpunktet mellom Forsvaret og kommunen i planarbeidet. Planar for støtte til det sivile samfunnet skal inngå som eigen del i HV-avdelinga sine beredskapsplanar.

Næringslivets sikkerhetsorganisasjon (NSO) NSO (Industrivernet) organiserar og fører kontroll med vern av dei industrielle verksemdene i landet og anlegg av liknande art. Totalt er det oppretta industrivern ved ca 1200 verksemdar. Innan desse verksemdene er det utarbeidd beredskapsplanar og teke ut personell til ein industrivernstyrke.

**Industrivernstyrkane utgjør ein innsatsreserve ved ulykker også utanfor verksemda der dei er oppsett.**



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

### **10.6.3. Frivillige organisasjonar**

Ei rekkje frivillige organisasjonar disponerer personell og materielle ressursar som kan utgjera eit viktig tilskot til kommunen sitt eige beredskapsapparat. For at desse skal gje effekt, må det etablerast samarbeid og informasjonsutveksling på førehand.

Norges Røde Kors og Norsk Folkehjelp har store ressursar og kompetanse som er veileigna for støtte til redningstenesta og kommunale styresmakter. Desse kan nyttast ved ulike typar krisesituasjonar. Også organisasjonar som Kvinners frivillige beredskap (KFB),

Frelsesarmeen m.fl. kan yta viktig hjelp særleg ved hendingar som medfører eit stort press på kommunen sitt omsorgsapparat.

I tillegg vil det som oftast finnast mange ressursar i privat eige i kommunen.

### **10.7. Internkontroll**

Internkontroll er ein metode for å kvalitetssikra beredskapsarbeidet og eit verkemiddel for å sikra heilskapen i den kommunale beredskapen. For at internkontrollen skal fungera må den omfatta:

Kommunens sine eigne mål for beredskapsarbeidet basert på risiko- og sårbarhetsanalysar samt krav og retningslinjer frå styresmaktene, oversikt som viser kommunen si organisering av beredskapsarbeidet, tiltak for å fylgje opp kommunen sine målsettingar (f.eks. kriseplan og beredskapsmessige omsyn i samfunnsplanlegginga) og dokumenterte rutinar for vedlikehald, utvikling, kontroll og resultatoppfølging av beredskapsarbeidet.



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.

## 11. Handlingsplan 2005-2008

### 11.1 Økonomiske utfordringar

Vik kommune står i/framfor store økonomiske utfordringar. Det er spesielt knytta opp til dei næraste åra då vik kommune må nedbetala det akkumulerte underskotet på om lag 12 mill.kr. Etter kommunelova sine reglar skal dette nedbetalast i åra 2004/2005/2006. I budsjettet for 2004 er det (etter endring i komunestyret juni 04) budsjettert med minimumsnedbetaling; 3 mill.kr. I saksutgreiinga til kommunestyrehandsaming i juni -04 låg det føre ei slik oversikt over utviklinga i Vik kommune sin økonomi.

	2004	2005	2006	2007	2008
Sentrale styringsorgan m.m.	11779	11819	12232	11909	11909
skule/oppvekst	29611	29281	29281	29281	29281
PLO - sektor	49957	49957	49957	49957	49957
Næring - og utvikling	7955	7235	6935	6635	6635
Teknisk drift	20827	21177	21177	21177	21177
<b>SUM DRIFT I EKSISTERANDE ØP</b>	<b>120129</b>	<b>119469</b>	<b>119582</b>	<b>118959</b>	<b>118959</b>
Endringar:					
Tillegg Lønsoppgjær 2004	1625	1625	1625	1625	1625
feil pensjon	2000	2000	2000	2000	2000
gamle fordringar - vekkføring	1500				
<b>SUM DRIFT KORR ØP</b>	<b>125254</b>	<b>123094</b>	<b>123207</b>	<b>122584</b>	<b>122584</b>

### Sentrale inntekts-/utgiftsføresetnader:

	93 921	97 400	97 900	98 400	98 700
Sum skatt/rammetilskot	93 921	97 400	97 900	98 400	98 700
eigedomsskatt	7000	7200	7400	7600	7800
Konsesjonsavgift	5950	5950	5950	5950	5950
avsett kapital	-3200	-3700	-4700	-5950	-5950
konsesjonskraft	5350	5350	5350	5350	5350
utbytte sognekraft	5000	4000	4000	4000	4000
avsett fond				-4000	-4000
mva-komp	7400	6800	6800	6800	6800
avsett inv.budsjett	-600				
ref 6-årsreform og omsorgsbustad	1200	1200	1200	1200	1200
skjønn tunge brukarar	300	300	300	300	300
ekstra skjønn barnehage	213	213	213	213	213
overgangsord. Arbgi,avgift	270				
integreringstilskot flyktningar	2600	2100	1800	1500	1200
motpost avskrivningar	8344	8344	8344	8344	8344
renter/avdrag	-10400	-10550	-10250	-9950	-9650
renteinntekter	1350	1350	1350	1350	1350
inndekking akk. Underskot	-3000	-5000	-4687		
<b>sum netto inntekter til fordeling</b>	<b>121 698</b>	<b>120 957</b>	<b>120 970</b>	<b>121 107</b>	<b>121 607</b>
<b>Underdekning</b>	<b>3 556</b>	<b>2 137</b>	<b>2 237</b>	<b>1 477</b>	<b>977</b>



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

Ein har her teke utgangspunkt i budsjettert driftsnivå 2004 på dei enkelte driftsområda og vidareført det i høve eksisterande økonomiplan. Inkludert i dette ligg m.a.eit krav til effektiviseringsgevinst innan HSO – området i 2004 på 2 mill.kr. Om ein klarer dette samt om dei andre driftsområda klarar å halde sine budsjett er for tidleg å konkludere om. I tillegg er det svært usikkert om ein når dei budsjettert måla vedkomande skatt/rammetilskot. Pr. august ligg skatteinngangen på landsplan vesentleg under anslaga i statsbudsjettet. Det er all grunn til å tru at det kjem ein svikt i desse inntektene også for Vik kommune jfr. vår status som minsteinntektskommune

Jfr. utvikinga i kommunen sine ”sentrale inntekter” (som skatt/rammetilskot/rente/avdrag etc.) samt kostnaden med drifta i Vik kommune (med dei usikkerheitane som råder) **har Vik kommune eit driftsnivå som minst ligg 3 – 4 mill.kr. for høgt i høve vår inntekter.** Denne økonomiske utfordringa bør liggja til grunn for økonomiplanarbeidet 2005 –2008.

## 11.2 GENERELL EFFEKTIVISERING

Kommunal effektivisering og organisasjonsutvikling er ein kontinuerleg prosess. Men med bakgrunn i det arbeidet som er gjort økonomiutvalet samt evalueringsprosessen innan HSO- sektoren skal ein i komande periode vurdere:

- Kva vil ein med skule-/barnehage - sektoren vår i åra som kjem
- Samordning mellom PU og open omsorg
- Samordning av PU - bustadene
- Samordning mellom aktivitetssenteret og ASVO
- Vurdere konkurranseutsetjing kjøkken/vaskeri ved VBS
- Vurdere konkurranseutsetjing av tekniske tenester

Det vert lagt til grunn at ein gjennom desse evalueringane skal oppnå ein effektiviseringsgevinst på kr.800.000 i 2005 aukande til 1,2 mill kr. frå 2006

Det er i økonomiplanen ikkje konkretisert kvar og korleis ein slik gevinst skal takast ut. I den forbindelse vil ein visa til Vik kommune sitt tilsetjingsreglement pkr. 3.4: ”Ved ledige stillingar skal leiar for vedkomande eining i samråd med tillitsvald vurdere om dert er trong for ny stillinga/nytilsetjing. I denne vurderinga er det naturleg at fylgjande spørsmål vert vurdert:

- Er stillinga sine arbeidsoppgåver framleis aktuelle eller kan ein forvente endringar i organisasjonen?
- Kan oppgåvene fordelast på andre arbeidstakarar
- Passar stillinga for nokon som allereie er tilsett og som ynskjer – treng – eller har krav på omplassering eller moglege utviding av stillingsstorleik?
- Stillingsanalyse er: Kva skal ein lyse ut og kva for kvalifikasjonskrav må ein ny medarbeidar oppfylle?



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

Leiar av eininga skal, når denne vurderinga er gjort, oversenda stillingsanalyse til rådmannen for godkjenning. Stillingsanalysen dannar grunnlag for rådmannen si utarbeiding av stillingsannonsa. I stillingsannonsa skal det opplyst at søknaden skal sendast rådmannen.

Nye stillingar, sjølv om dei er finansiert innanfor gitte økonomiske rammer, skal avklarast med kommunestyret.

Framgangsmåte ved nedbemanning

Dersom gjennomføring av tiltak etter vedteken handlingsplan skulle føra til trong for nedbemanning, vil ein i første omgang freista løysa dette med frivillige ordningar. Skulle det etter at frivillige ordningar er nytta framleis vera trong for ytterlegare innskrenking/rasjonalisering skal, uunder elles like vilkår, dei med kortast teneste innanfor vedkomande arbeidsområde i kommunen seiast opp først, jfr. hovudtariffavtalen § 3.3, arbeidsmiljølova § 60 nr. 2 og hovudavtalen § 12 – 4.

Når det gjeld uttrykket ”avgrensing av arbeidsområde” jfr. ovanfor, må dette avklarast etter drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane.

Arbeidsgjevar vil leggja stor vekt på å oppfylle dei plikter ein har i samband med gjennomføringa av dei prosessane som må fylgja etter at økonomiplanen er vedteken. Dei pliktene er først og fremst nedfelte i Hovudavtalen § 12 – 4.

## 11.3 ANDRE TILTAK

I samband med arbeidet som er gjort i økonomiutvalet er opplista tiltak i tabellen nedanfor tiltak som vert fremma for å møte dei økonomiske utfordringane til Vik kommune. Hovudfokuset særskilt dei 2 fyrste åra vert å tilpasse driftsnivået slik at vi maktar nedbetale vårt akkumulerte underskot. I denne fasen vert nødvendige tiltak for å vidareutvikle både vik kommune og vijkasamfunnet i andre rekke. Men i forslag til kapitalbudsjett ligg det likevel inne nokre tiltak i denne lei. Vil her spesielt nevna tiltaka.

- Utvikling av Vik sentrum
- Tilskot til Vik skianlegg
- Tilskot til sentralt skyteanlegg
- Tilrettelegging av hytte/fritidsbusetnad



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.

	2005	2006	2007	2008
økonomisk utfordring	3500	3500	3500	3500
Skule/oppvekst - struktur				
samord. PU/Open omsorg				
Samordning av akt.senter/ASVO				
samordning PU - bustadane				
Konkurransenuts. Kjøkken/vaskeri VBS	-800	-1200	-1200	-1200
Konkurransenuts. Tekniske tenester				
ending tal klassar grunna red. i elevtal			-400	-1200
flytting Bødalen barnehage	-200	-200	-200	-200
auke tal born pr. avdeling	-200	-300	-300	-300
samling av vaksenopplæringa	-100	-100	-100	-100
eigenbet kor/korps	-100	-100	-100	-100
auka eigenbetaling oppvekstomr.	-60	-100	-100	-100
red. på kommunehuset lik 2 årsverk	-800	-800	-800	-800
auka eigenbetaling helse og sosial.	-75	-75	-75	-75
frigjering av kapital ved sal kom eigedom	-500	-500	-500	-500
kapital avsett inv.budsjett	500	500	500	500
auke husleige kommunale bustader	-100	-100	-100	-100
enøk-eff frå haust 05 - 10%		-150	-300	-300
bruk av eigne arb til inv.føremål 1,5 årsverk	-700	-400	-400	-400
utsetjing av stell grøntareal				
auka bruk næringsfond 05/06	-500			
"bortfall" av underskotsinnbet.			-5000	-5000
avsetjing til disponibelt			5000	5000
kontrollsum	-135	-25	-575	-1375

Til bruk i kapitalbudsjettet har vi i tillegg til næringsfondsmidlar overført frå driftsbudsjettet eigenkapital frå sal av kommunal eigedom samt lån sjølvkost. Lån sjølvkost er i hovudsak lån Husbank for vidareutlån samt lån innan VAR (vatn/avløp/renovasjon)

Til disposisjon kapital/ næring etter søknad

	2005	2006	2007	2008
Næringsfond til kapital	3200	4700	5950	5950
sal av komm. bustad	500	500	500	500
avsett disponibelt			5000	5000
	3700	5200	11450	11450



# K O M M U N E P L A N 2005-2008

VIK KOMMUNE - *ein tilflyttingskommune der  
innbyggjarane trivst.*

I tabellen nedanfor er medteke dei tiltak som låg inne i økonomiplan 2004 – 2007. i høve til disponible midlar har ein då eit lite underskot i 2005 medan ein i resten av perioden er på + sida

	2005	2006	2007	2008
eigenkapital	-3700	-5200	-11450	-11450
husbanklån for vidareutlån	-500	-500	-500	-500
Til disposisjon	-4200	-5700	-11950	-11950
Sentrum	500	800	1000	1000
IKT	300	300	500	500
større vedlikehald skule	300	300	300	300
ny brannbil		1500		
vik skianlegg	700	400	800	
skytebane svillandsmyri	600	200	400	
vedlikehald kom. Eigedom	400	400	400	400
nærmiljøtiltak bygdesentra	100	100	100	100
Tilskot private hyttefelt	50	50	50	50
fast vegdekke	750		1000	
utb. Kommunale vegar	400	400	400	400
kart	200	200	200	200
husbanklån for vidareutlån	500	500	500	500
SUM	600	-550	-6300	-8500